Telesoga

Utgjeve fyr Telelage i Amerika

ved Torkel Ostelie.

1ste Hefte, 25c.

FERGUS FALLS, MINN.
MARS 1909.

Telesoga

ved

Torkel Oftelie.

Utgive fyr Telelage.
Prenta i Fergus Falls, Minn.
1909.



Bendik Bondahl.

Daa Telane kom.

Kven den fyste Telemarking var, som kom til Amerika, er de vel umaugeleg aa faa Greie paa no. De er altid so, at Soga hev gloymt noko av de ho viste. For alt de me veit kunde de godt hava vore Telemarkingar med paa nokon av Vinlandsferdine. Me veit for sikkert, at der var Telemarkingar med og bygde Island for 1000 Aar sea. Der er den Dag idag ei Bygd, som heiter Thelamork. Og ikkje mindre truleg er de, at ein eller annen vidræsen Telemarking landa her i Vesterheimen fyri den norske Folkestraumen braut laus for so umkring ein 80 Aar sea. Men som sagt Soga hev gloymt de, og me før halde oss til de ho veit.

I Aare 1837 er de, at Soga um Utferdine til Amerika fraa Telemarki byrjar. Daa drog der ut eit Fylje fraa Tinn. Dette er soleis ikkje meir hell 12 Aar etter Utvandringi hadde byrja fraa Vestlande og altso same Aare som Natteståkarane Olav og Anstein fraa Vægli i Numedal utvandra. Disse tvo Numedolar og Tinndølane var dei fyste, som drog ut fraa heile Austlande for aa fara til Amerika. Dei for um Goteborg. Kor mange de var i Tinndølane sit Fylje hev eg ikkje funne ut. Der er nævnt ikkje so faa. Soleis Ekkja etter Torstein Thorson Rue med sine tvo Sonir Torstein og Jon. Eirik Gautesson Midboen, Thor Kjetilson Svimbel, John Nelson Rue, Torstein Ingebrigtson Gullikstud og Gunnar Gautesson Midboen. Dei tvo siste var Lauskarar.

Korleis desse Tinndølane fekk Kunskap um Amerika er ikkje fortalt, sovidt eg veit. Eg synes de er mest truleg, at de er gjenom Natteståkarane dei hev fengje Feberen. Desse var Handelskarar, som for vidt. I 1835 var dei

paa Stavangerkanten paa Sauhandel, og her høyrde dei so mykje Rodur um den nye Verdi, at Amerikahugen vakna.

Dei for gjenom Telemarki paa Vegen til Stavanger baade fram og attende. Daa dei tidleg um Vaaren i '37 reiste til Amerika, gjekk dei paa Ski yvi Fjolli til Stavanger. Dei maa hava fare yvi til Tinn, som ligg beint vest for Vægli, og so kanskje upp um Mostrondi og yvi til Rauland og Vinje og tvertyvi dei ovste Bygdir i Sætesdalen. Alvist maa dei hava vore væl kjende paa Tinn. Desse Karane maa de vera, som hev sett Amerika-Tankar i Tinndølane.

Dette fyste Fylje av Telemarkingar gjekk like til Fox River Bygdi i LaSalle County, Illinois, der dei fleste av Stavangerfolki budde. Eirik Gautesson Midbøen, som hadde ein stor Huslyd sette sig ned her. Han kom i Kjenskap med Mormonane og slóg sig i Lag med dei og vart Prest. Han gjekk heimatt og preika Mormonlæra, men straks etter han kom hit att fraa Noreg døyde han. Torstein Rue var med i de Fylje, som Kleng Peerson leidde til Missouri i 1838 og gjorde ei Nybygd i Shelby County. Eitpar Aar seinare reiste han til Sugar Creek i Lee Co., Jowa, og der grundlagde han saman med andre den fyste norske Bygd i Jowa. I 1846 kom han til Wisconsin og saman med andre Tinndølar grunna den store Blue Mounds Bygdi i de vestlege Dane County. Bror hans, Jon Thorson Rue, var den vidgjetne Frægdamannen, „Snowshoe Thompson", som i 20 Aar bar Posten paa Ski yvi Snjofjølli i California.

Thor Kjetilson Svimbil og John Rue hadde ogso Huslydar med. Svimbil flutte seinare til Blue Mounds, Wis., der døyde han som Farmar. John Rue tok Land seinare i Winneshiek County, Jowa. Torstein Gulliksrud

doyde i Illinois. Ein ugift Bror av Eirik Midbøen, som het Gunnar, budde i For River Bygdi fra 1837—42, daa flutte han til Muskego, Wis. og vart ein Velstandsmann. Han hadde vore Skulelærar i Tinn og truleg hadde litt meir Boklærdom en i dei andre.

Blandt dei som kom til Amerika fraa Tinn i 1837, truleg i de same Fylje, var ein, som het Olav Olson Omdal, men er best kjend under Navne Ole Heier, etter han kom hit. Han hadde Kjering med seg og busette seg i LaSalle County, Ill.; men flutte til Jowa i 1868, der doyde han i 1893. Ole Heier hadde vore Haugianer i Noreg og vart halden for ein ærleg og from Lesare. Han heldt gudelege Samlingar i For River Bygdi og skulde vera reint svær til aa tala og vann Folk med seg. Men traast so vart han Mormon, og daa vart han fyst utnemd til Eldste og so til Biskop. De var ikkje lengje han stod i Mormonkyrkja, for daa han kom til aa gjera ei Vitjing i sjolve Hovudbole i Nauvoo, Ill., daa Mormonane heldt paa aa laga seg til aa draga til Utah, fekk han Augo upp og skilde Lag med dei. Seinare vart han Baptist. Ole Heier skal ialt hava høyrt til sjou Sektir i sit Liv.

De eg her hev fortalt er mest etter Rasmus B. Andersons „First Chap. of Norw. Immigration". Anderson hev mykje av de han fortel fraa Prof. Svein Nilsson, som var ein av vaare fyste skrivande Sogumenn her i Lande.

Her skal eg fortelje noko, som ingen Sogumann her i Lande synest aa vita noko um: nemlig, at de var ein Telemarking, som skaut Profeten Josef Smith, han som fann upp Mormonlæra. Josef Smith vart drepen under Mormonrora i Illinois i 40-Aari, og den som skaut han het Hallvord Kostveit fraa Kostveit inned Totak paa Rauland. Denne Upplysning hev eg fraa Forf. Rikard Berge,

som heve den fraa Bestefar sin, gamle Rikard Berge paa Rauland, den beste Sogumann Telemarki hev havt i seinare Tid.

I 1839 drog de næste Fylje av Telemarkingar avstad til Amerika. Dei var umkring 40 ialt fraa Tinn, Hjartdal og Hiterdal. I dette Selskape var der so mykje som 11 Huslydar, av desse var 8 fraa Tinn og 3 fraa Hjartdal, og mest alle i Fylje var skylde. Den store Luraasætti med sine fire Huslydar utgjorde Halvdelen av Fylje. Og den fornemste av desse var John Nelson Luraas, som doyde i 1890 paa Farmen sin nær Stoughton, Wis. Han var ein klok og dygtig Mann og kom til stor Velstand. Han hev fortalt Prof. Svein Nelson og Prof. Anderson mykje av Tinndølsoga, som eg her fortel fraa.

Dette Fylje sigldе fraa Skien den 17de Mai til Goteborg. Her fekk dei tinga Skipsrom yvi Have til Boston med ein Amerikaner, som laag der og tok inn Jønlast. Fragti var 42 norske Daler for kvar. De tok 9 Vikur yvi Have, men dei kom væl fram. Fraa Boston gjekk dei um New York til Buffalo, og her fann dei ein Kaptein, som tok paa seg aa fragte dei yvi Insjoane til Milwaukee. Skipe hans var ein elendig Farkost, som var lasta med Krut. De lok som ein Sil, og tvo Gongir heldt dei paa aa forlise paa dei 3 Vikune de tok dei aa koma til Milwaukee. Ei Kjering vart skjult overbord og kom burt. No var de 17 Vikur fraa dei reiste fraa Skien, og enno var de langt att til For River Bygdi i Illinois, dit dei etla seg.

Men her kom dei til gjeva upp den kjære Tanken aa koma til Bygdefolki sine i For River, og um Grunnen til, at dei gav upp aa reise lenger er der ei Segn, som er nokso snodig. Er den sann, so hev den kloke Luraasen lete seg lure dengong. Den er ikkje fortalt av han, men av mange andre. Her er den:

Dagen etter dei var komne, gjorde dei seg ferdige til aa gaa til Chicago og derfraa til Illinois. Dei var alt ombord, daa der kom nokre Milwaukee-Folk utpaa Skipe til dei. Desse spurde Nykomarane, kva dei agta seg til gjera i Amerika. Dei var Farmarar sa dei og tenkte paa aa gaa til Illinois. „Gakk, korhelst de vil", sa ein av Milwaukee-Karane, „dette er eit fritt Land, men vil de dikons eigje Beste, so fylg mit Raad." Dermed so peka han paa tvo Karar, som var med. Den eine var ein storvaksen feit og ferm Mann, og den andre var som berre Skinn og Bein. „Sjaa her", sa Milwaukee-Mannen, „denne feite Karen er fraa Wisconsin, som hev helsigt Verlag og Mat i Overflo; men den Stakkaren der er fraa Illinois, der Folk brenn mest upp av Solhite, og der dei doyr som Flugar av Malaria. No kan de velje som de trur best."

De var ein heit Dag i August, og Nykomarane som gjekk og pæsa og sveitta i sine tykke Vadmaalsklæer, tenkte der var heit nok der dei var, um dei ikkje reiste til Illinois og vart til slike Skrælingar, som denna Stakkaren var eit skinbarlegt Dome paa.

Utfalle var, at dei gav upp Reisa til Illinois. Dei gjekk iland i Milwaukee, som daa var berre ei liti Rukle av ein By. Desse snille Folki, som vilde so gjerne hava dei i Wisconsin, raadde dei til aa slaa seg ned ved Muskego-Sjoen i de noverande Waukesha Co. Dei valde ut nokre Mann til aa fylje ein Amerikaner ut aa sjaa paa Lande, som var aa faa for $1.25 pr. Acre. Etter den Turketuren, der no ha vore, saag Svampane med de høge Grase nokso bra ut, og dei norske tenkte de var Prairiar. So vart de slik, at mest heile Fylje slog seg ned umkring Nordenden av Muskego Lake. Her gav dei seg til aa rydje og byggje, men daa Regne kom um Hausten, vart de meste av Lande

yvisløymt. De var tydeleg no, at dei ha vorte narra; men dei heldt ut aa bu paa sine Farmar, og soleis vart Muskego-Bygdi grundlagd, ei av dei fyste norske Nybygdir i Vesterheimen. Der kom etter kvart fleire til Bygdi baade fraa Tinn og andre Telebygdir og fraa andre Kantar, og den vart i mange Aar til ein Stoppingplass for Nykomarar. Men i Aari 1849, 1850 og 1852 herja Koleraen der so ugoskelegt, at Muskego kom reint i Vanrykte. De var som um Svartedauden ha fare i Bygdi, og dei fleste av dei, som var att, drog ut til andre Kantar.

John Luraas, som var ein av dei fornemste Grunleggjarar av Muskego-Bygdi, flutte ut alt i 1843 og vart den fyste Landnaamsmann paa vestre Koshkonong. Andre som er nemde i Luraasfylje er Knut H. Luraas, Tarjei og Halvor Disteinson Luraas, Helgi Mathison, Halvor T. Lyngflot, Olav Hellekson Krokan, Distein Myllarflaten fraa Tinn, Halvor Nelson Lohnar fraa Hjartdal og Nils Johnson Kaasa fraa Hiterdal. Alle desse so nære som den siste var gifte. Der var endaa fire ugifte Tinndølar, John Eivinson Molee (Moli) og Nils og Olav og John Tollefsjore.

„Gamle Muskego er en Bygd med mange store Mænd og mange store Minder. Her i denne Telemarksbygd paa dette fatlige usunde Sted blev Grundstenen lagt til flere store Institutioner, Aandsretninger og Foretagender som nu er Norsk-Amerikanernes Pryd. Her begyndte Nordmænd først at tage Del i den amerikanske Politik og Styrelse. Herfra udgik Opraabet til Nordmænds Deltagelse i Borgerkrigen, hvor de saa trofast og ærefuldt forsvarede sit nye Land. Her begyndte den første norske Skoleundervisning, som nu er fortsat i saa mange mægtige Skoler. Her dannedes den første norske Menighed. Hid kaldtes den første

norske Præst. Her byggedes den første norske Kirke. Her udgaves den første norske Avis.“ (Holand: De Norske Settlementers Historie.)

Hit til Muskego var de Præsten Clausen kom i 1843. Fyste Aare heldt han Gudsteneste i Loda av Eivin Heg, og konfirmera den fyste Klasse og vigde dei fyste Brurepar. De var Linndolane John Eivinson Molee, som fekk Anne Jacobsdotter Einong, og Hans Tveito, som fekk Aslaug Syster av Anne. Aare 1844 vart den fyste norske Kyrkja bygd, timbra av Eikelog, og Bygmeistaren var Halvor Lohnar fraa Hjartdal.

John Molee og Hans Tveito var Kjempekarar, og desse tvo fekk gjera de meste Arbeid med aa bera ut Liki til Gravhaugen, daa Koleraen herja. Præsten fekk ikkje Tak paa desse tvo Kjempune. Der liver tvo Sonir og so vidt eg veit ei Dotter etter John Molee. Eg undrast um ikkje desse Borni av John Molee er aa kalle dei eldste som no liver av Norske, som er fødde her i Lande. Den eine af Sonine er den velkjende Skulemann og Maalmann Elias Molee, som hev laga de nye Verdensspraak „Teutonish“. Han er no i Europa. Den andre er Halvor Johnson i LaMoure Co., N. D. Han er ein rik Farmar, gjestfri og gjæv i alle Maatar, men radikal i Tru og Meiningar.

Nils Johnson, som ogso kom i Luraasfylje, kaupte seg Farm i Muskego. Han betala Fragti og de meste av Farmen med aa arbeide ute, kloyvde Gjerdeslaatur um Vintren for $6 pr. Maanad. Um Sumaren fekk han $12.50. Han var ein gaaverik Mann. Ti Aar seinare leidde han eit Selskap til Winneshiek Co., Iowa, og saman med sin Bror, Gjermund, og andre grunlagde han Washington Prairie Bygdi. Indianarne var just flutte derfraa, og der var berre tvo smaa Timberhyttur, der den mægjetne Byen De-

corah er. De norske Navne sit, Nils Johnson Kaasa, endra han til Nelson Johnson. Han vart gift med ei Vossejenta Anne Solheim, som kom til Amerika i 1841. Nelson Johnson var Methodistprest i 25 Aar og doyde i 1882 paa Farmen sin ved Decorah. Dei hadde sjau Born. Ein av dei er M. N. Johnson ved Petersburg, N. D., som no er vald til U. S. Senator.

Umkring 1840 begyndar Utvandringi fraa ymse Bygdir i Telemarki. Men endaa er de berre ein og annen. Mest alle kjem dei til Koshkonong. Some vert buande her, andre fer vidare og er med og grunnlegg Nybygdir nordover og vestover.

Her paa de mægjetne Koshkonong var Telemarkingane i stort Fleirtal. Ein av dei fyste var Olav Knutson Trovaten, som kom til Amerika fraa Dyfjoll umkring 1840 og busette seg paa Koshkonong i '43, der vart han den fyste Klokkar og Skulelærar. Han skreiv mange og lange Brev heimatt til Dyfjoll og gjorde mykje til, at mange drog hitover i dei Aari. Av andre velkjende Telemarkingar kan nevnast Aslak Olsnes (Alexander Norman) som kom fraa Vinje i 1842. Olav Knutson Tyrland, i fyste Fylje fraa Seljord i 1843. Jacob Vetleson, den fyste fraa Kvitseid i 1843. Han reiste med Guldgravarstraumen so langt som til Montana. Her gav han seg til og var den fyste Norske, som la sig etter Feavl der vest. Sea kom han attende til Stoughton. Aanund Trotning fraa Vinje var den fyste Nordmann, som busette seg i Madison, alt i 1843. Gunnar T. Mandt kom i de fyste Fylje fraa Mo 1843. Knut og Aasne Teisberg kom fraa Eidsborg ved denne Tid og sette seg ned paa Koshkonong, der dei fleste Telemarkingar landa i 40 og 50 Aari. Mest alle desse er kjende Navn i vaar norske Landnaams-Soga.

Buffalo-Bygdi.

Skrive um Vaaren 1907.

I.

Ei av dei störste Telemarksbygdir i Vesterheimen er Buffalo River Settlementet i Clay County, Minn. Heile Leidi fraa Glyndon ned yve til Georgetown er uppbygd for de meste av Telar. Mengdi av dei er kome fraa Fyrisdal og Vraadal. Dei hev bygt mangein fin Heim og stend seg godt. Jordi er rik og lett aa dyrke. Buffalo River bugtar seg som ein Orm gjenom det slette Lande og syg til seg all unyttig Væte. Elvi hev grave seg ei djup Renne, som er umaateleg krokut og inlykt av Skog som mest alle Elvir i Red River Dalen. Skogen gjeng for de meste eit Stykkje ut fraa Elvi, og her inmed denne myrke Skograndi var de, dei fyste Landnaamsmenn bygde sine Heimar. Her er ein Mengde med Hegg og ville Plometre, som blomer um Vaaren og angar langt utover. Langs Skogen her kan de um Sumaren vera rigtig fint — idyllisk. Buffalo River er ikkje stor; men um Vaaren, naar Snjoen braanar, kan ho veksa, so ho stansar Ferdselen for nokre Dagar. Men ho gjer ingen Skade, daa Lande er flatt og Straumfalle lite.

Dei fyste, som kom til Buffalo River, var fraa Houston, Minn. Der var alt ei stor Telemarksbygd i 50—60 Aari. Daa Lande der var upptekje, og de stodt stroymde til nye Folk, maatte dei sjaa seg um etter Land andrestader. Daa de kom Melding om den feite Red River Dalen til Houston, tok Folk til aa røda um aa draga dit, og mange reiste. Tidleg um Vaaren 1870 reiste Olav Tortveit med Husfyden sin. Kjeringi het Tone og Sonine Leiv og Gunnar. I

same Fylgje kom Bror hans Olav, Aanon, og Tarjei Skrei. Baae var gifte og hadde sine Huslydar med. Gunnar Beum, Halvor Findalstveit fraa Fyrisdal og Tarjei Muhle fraa Skaffaa kom og i dette Fylgje. Dei siste var Lausskarar. Dei kom kjoyrande med Oksar og dreiv Buskapen. Av desse Banebrotarer liver enno Olav Tortveit og Olav Midgarden ved Buffalo River. Dei andre er avlidne og kviler paa Concordia Kyrkjegard. Daa Towne vart skipa, fekk Olav Tortveit kristna de til Moland etter Heimbygdi si. Moland var daa det officielle Namne paa Prestegjelle Fyrisdal.

I 1871 kom Bendik Gjeitestad, Olav Gjeitestad, Vetle Lisland og Gunnar Svenkeson, alle med Huslydar, og Vetle Salveson, Gunnar Lie, Gjermund G. Storaaslie og Knut Halvorson Tveiten. Aanon Kragnes og A. G. Kassenborg kom au og saag over Lande, men drog attende til Houston. I 1875 kom dei upp atter med Huslydane sine, og same Aaret kom Torgrim Morken, Leiv Eirikson og Osmund Homme. Den fyste, som vart fødd i Bygdi, var Theodor Skrei, 15de Dec. 1870.

Daa dei fyste kom, var ikkje mykje av Lande uppmælt. Fyste Houston saag Bonni av Tortveit Landmælarar (Surveyors) og trudde, dei var Indianarar. Dei sprang heim og fortalde, at Indianaranne kom. Tortveit lesste Heimilen sin paa Vogni for aa ryme for dei Ville. Men fyst skulde han varsku Grannarne sine. Dei vart alle glade, daa dei saag, de var Landmælarar. Dette syner, at Nybyggjarane heile Tidi var rædde for Indianarar. Daa Siour Indianarane gjekk paa Krigsstig i '76, kom de stygge Rygter austyvi, so Buffalo Settlementet vart skræmd. Vetle Lisland ha vore til Byen og fortalde, daa han kom att, at Indianarane dansa Krigsdans i Fargo. Vetle sende ein av

Sonine sine rundt i Bygdi for aa varsku dei andre. Daa Aanon Kraakness fekk høyre dette, tok han Huslyden sin til Yisland. Ifsaman med Torgrim Mørken reid han attende til Heimstaden sin. Dei batt Hestane sine burti Skogen og krabba uppaa Fjostakje og venta heile Natti paa Indianarane. Neste Dag reiste dei til Georgetown for aa finne ut kos de var. Dei hadde høyrt dei samme Nygti der og var rædde. Folki i Fargo sende Bod til St. Paul etter Soldater. Dei fekk Vaapen, men netupp daa var de ingen Soldatar aa sende. Nokre Dagar seinare kom Custer med sine Menn vestover.

Ein av dei fyste Sumrane var de so mykje Lopp paa Marki, at de yrde og krudde allestader. Ved Jernbanelina med Glyndon var det reint ille, og Togi paa N. P. Banen vart standande stille og kom kje av Flekken. Der la seg ei Gjyrme paa Skinnune, so Hjuli gleid.

De var hardt dei fyste Aari. Den næraste Handelsplassen var Alexandria. De tok dei stundom nyi ti Dagar aa koma fram og tilbake med Oksar. Hudson Bay Co. hadde ei Handelsbud i Georgetown, men alt var so urimeleg dyrt. Ei Tunna Mjøl kosta 13 Dollars, ein Gallon Kerosin 75 Cents, etc. Jarnvegen (N. P.) kom i 1871.

Dei gamle Rudningsmenn fortel, at Live likevel var nokso hugsamt. Dei var samstelde og hjelpsame. Dei hadde den same Skikk og Sed som i den norske Heimbygdi si. Til Likferds kom ikkje andre enn dei, som var bodne. Fyrr Like vart bore ut av Huse, drak dei Farvelskaali. Paa Kista sto Ljose og brann i Staken. I Leik og Lag hadde dei de mykje som heime. Øl og Brennevin maatte vera med. I Joli vitja dei kvarandre og heldt Lag „tretten Dagar tilende". I Barsøl kom Kjeringane med Njomegraut. Daa vart de Hogtid for heile Huslyden. De hende seg ein-

gong, at Mannen skam-aat seg paa Grauten, so han laag sjuk i mange Dagar.

Telemarkingane hev Ord for aa vera gode, trugne Kyrkjefolk. Dei hev eit djupt religiøst Grunnlag og held fast ved den gamle Trudomslæra. De var daa naturlegt, at dei snart byrja med aa samle seg til ein Kyrkjelyd. Dei maatte ha seg ein kyrkjeleg Heim. Bonni deira maatte doypast og konfirmerast. Og for hugsamt vilde de ikkje vera aa høyre Gudsorde forkyndt paa den heimlege Maatrn. I 1871 kom Presten B. Hagebo, og den fyste Kyrkjelyden vart skipa. Den vart kalla Moland. Hagebo høyrde til Konferensen. Aare etter vart Vor Frelser Kyrkjelyd skipa av Presten K. Bjorgo i Synoden. I Fystningi hadde di ingjo Kyrkje aa samlast i, men heldt Gudstenestene sine hjaa Bondane. Dei Prestar, som hev styrt Moland Kyrkjelyd, er B. Hagebo, P. A. Nykreim, Wold og J. H. Brønø. Vor Frelsers hev vore styrt av Prestane K. Bjorgo, Kapellanen hans, K. L. Guttebo, og J. O. Hougen. Daa „Den Forenede Kirke" vart skipa i 1890, sagde baade Hougen og Brønø Kyrkjelydane fraa seg. Desse slog seg daa saman og tok Namne Concordia. Presten A. Østedahl vart kalla. Han var her i 6 Aar. Sidan hadde dei H. B. Kildahl i 2 og L. M. Skuneis i 2½ Aar, og no hev dei sin eigen Bygdemann til Prest, Bendik Bondahl. Past. Bondahl er av ei gamall Kjæmpeætt, og ein Kjæmpekar vilde han og ha vore, um ikkje Sjukdom hadde fare so hardt med han i de siste. Han er ein av dei norskaste Prestar, eg kjenner her i Lande. Han var med og skipa Det norske Selskab og var fleire Aar Formann; no er han Formann i Telelage. Kyrkjelyden held mykje av Bondahl og ikkje mindre af den snille, hyggjelege Prestefrua, som er Dotter av den kjende norske Prest O. L. Kirkeberg.

De fyste Skulehus i Buffalo-Bygdi fekk dei seg i 1874. Dei bygde de paa den Maaten, at kvar Bonde kom med fire Timberstokkar, som dei telgde og la i Timbra. Huse stend enno og vert brukt for engelsk og norsk Skule. I 1884 bygde Vor Frelsers Kyrkjelyd ei stor Kyrkje. Den heiter no Concordia, etter dei tvo Kyrkjelydane slog seg saman, og fraa den Tid hev dei au havt Presten buande hjaa seg. Dei hev bygt ein gjild Prestegard midt for Kyrkja paa den andre Sida Elvi.

Her i Buffalo-Bygdi hev de alli vore Kyrkjestrid. Telane hev betre Vit. Dei hadde ogso Vit til aa slaa seg saman dei tvo Kyrkjelydane, endaa dei høyrde til kvar sit Samfund.

II.

Ymse Minnerunir.

Den beste Fortelsaren av dei gamle Landnaamsmenn i Buffalo-Bygdi er Olav Tortveit. Han er ein stutt og tettvaksen Gubbe paa 78 Aar. Han er fødd 3. Mars 1829, paa Gjeitestad i Fyresdal. Han var i sin Ungdom ein av dei beste Visekvearar i Fyresdal, og enno kan han ein Mengde av dei gamle Visur, slike som dei Landstad og Bugge m. fl. skreiv up i Telemarksbygdine. Naar han sit i Kubbestolen sin og fortel og kved Visur, maa ein tenkje paa dei gamle Skaldar og Sogumenn i gamal Tid. Eg hev skrive upp mange Visur, som Olav Tortveit kvad for meg. De som eg her fortel, um dei fyste som reiste fraa Fyresdal, og dei som tok Land her ved Buffalo, er mest etter han.

Den fyste som reiste til Amerika fraa Fyresdal var Olav Torjusson Jordal. Han reiste i 1838, men kor han vart av veit dei 'kje. Han var ein ung Gute. Gunnar Lunden

var i Fylje og ha tenkt aa reise til Amerika, men han snudde heimatt, daa han kom til Byen. Dei næste som reiste var Lundefolki Aane og Hæge med Sonine Knut, Gunnar, Olav, so ei Jente Gjertrud og so Knut. Dei busette seg i Templeau, Wis. Same Venda reiste Gunnar Tovson og Aanon Momrak baae med sine Huslydar. Dette var umkr. 1840. I 1843 reiste Kjetil Rinden, Joraan Skrei og Sonen henar, og likeins Aane Bondal og Tarjei Halvorson. Gunnar Bondal i 1844. I 1849 reiste Gjermund Tveitane med Husl., Tollak Tovsaas og Knut Kasine. Torjus K. Eiki med Husl. I 1853 reiste Olav Johnson Lie og Olav Halvorson Skrei baae med Husl. og Knut Porsgrund. Denne Knut Porsgrund var ein mangslungen Kar. Han for vidt umkring i Statane baade sud og nord. Han kom heimatt i 1860. Aare etter, '61, drog han avstad til Amerika att og hadde med eit Fylje paa 95 Personar. Blandt desse var Olav Tortveit, som daa var gift, Kjeringi heiter Tone, og eitpar Smaagutar Leiv og Gunnar, den siste er daaen; men Leiv hev no Farmen, er gift og hev mange Born. Av dei andre i de store Fylje maa nevnast Olavs Brør, Bendik, Olav og Aanon Gjeitestad. Far deira het Gunnar Gjeitestad. Baade Bendik og Aanon var gifte, daa dei kom. Bendik budde nokre Aar paa Espetveit i Hoidalsmo, fyr han reiste. Bendik var den eldste. Han liver enno 84 Aar gl. paa Heimstaen sin med Buffalo River. So var de Knut Knutson Gryte og Tolleiv Halvorson Gryte med Husl. Nils Kristenson Brokke, Leiv Olavson Nesland, Olav Knutson Findalstveit, Halvor Knutson Nese, Tarjei Aalandslie (Skjæresmed). Alle desse ha Huslydar. Olav Faremo (Blekslagar) Olav Braalson og Tone, Foreldri til Knut Porsgrund. Heile dette Fylje kom over paa eit russisk Krigsskip, som Engelsmannen hadde tekje i Krimkrigen.

Dei kom umbord paa Skipe, som heitte „Presiosa", i Tveitesirond. Kapteinens Navn var Peder Andorson. Gjeitestadkarane gjekk til Houston Co. og Fillmore.

Asgjerd Lie kom til Amerika fraa Fyresdal saman med sine Bror Aane og John Lie, som no bur i Houston. Asgjerd vart gift med Olav Bror til Olav Tortveit og Bendik Gjeitestad. Dei kom her upp med dei fyste. Olav døyde for mange Aar sea. Sonen Gustav hev Farmen. Han er Town-Clerk i Moland og hev mykje vore bruka som Ligningsmann.

Ein annen Bror av Olav Tortveit, som ogsaa kom hit med dei fyste, var Haavard Gjeitestad. Han tok Land i Moland. Sonine hans kallar seg Howard. Den eldste Gunnar hev Forretning i Hillsboro, N. D. Olav er i Williston, N. D. og den yngste Jørgen er Skifteretsdomare i Trail Co., N. D.

Gunnar Olavson Lie kom til Amerika i 1870, til Houston, og til Buffalo i '71 og tok Land inned Riveren i Town of Moland, der han bur no. Han gjekk tilfots heile Vegen fraa Houston til Buffalo og dreiv Buskapen av Bendik Gjeitestad. Det tok dei fraa 16. Mai til 18. Juni. Gunnar er gift med Tone, Dotter av Olav Tortveit. Salve Lie, Bror av Gunnar, kom i 1880 og kjøpte Land i Town av Moland. Han var gift fraa Heimbygdane. Gunnar og Salve hev Navn etter Lie i Hauggrend, der Diktaren John Lie bur. Ellest er dei uppvaksne paa Froland i Moe. Far deira, Olav, selde Lie i 1854 til Per Lie, Far av Diktaren. Gunnar Lie er ein livleg og røuge Mann, som likar aa fortelje um gamle Dagar.

Sondre Sondreson reiste fraa Graver fyst utover paa Arndalskanten, so til Amerika umkr. 1840. Kjeringi het Ingileiv. Dei busette seg paa Koshkonong. Sondre var

komen fraa Skaalebo paa Tinn. Han doyde av, at ein Rangleorm beit gjenom Støvelen, so Tonni gjekk inn i Storetaai. Tonni sat att i Støvelen. Segni fortel, at Ingileiv gifte seg att; men Mannen doyde straks. Han tok og gjekk med Stovlane etter Sondre, og Tonni av Ormen gnog han i Laai, og de doyde han av. Likeins gjekk de med den trie Mannen hennar Ingileiv; han gjekk au med dei same Stovlane. Men daa han var daaen, skar dei upp Støvelen, og daa fann dei Tonni av Ormen.

Kristi Graver fraa Fyresdal reiste til Amerika i 1845 med tvo Dottar og tvo Sonir, Olav Tarjei, Tone, Aase. Dei reiste Jonsok, og kom ikkje iland før seint paa Housten til New Orleans. Olav Graver tok Land i Houston Co. og budde der til han doyde. Tarjei budde au der. Han kom til Buffalo i '75 og kaupte Land — er no daaen. Der bur no fire av Sonine hans, Gustav, Aleck, Christian og Otto. Dei hev vel uppbygde Gardar. Ein Broder Edward er daaen.

Olav Midgarden bur lengst sudaust i Buffalo-Bygdi — 2—3 Mil fraa Glyndon. Han er gift med Joraan, Dotter av Olav Tortveit. Dei hev 3 Born, 1 Gut og tvo Jentur. Desse Folki paa Midgarden er so gjestfrie og rouge, at de var ein stor Hugnad for Soguskrivaren aa koma dit, ja de same kan ein naturlegvis segja um dei andre Telebøndar au, de er 'kje for de. Olav er Sonen av Gunnar Tolleivson Midgarden i Hauggrend i Veum. Han var ein rik Mann; men no er alle Borni hans i Amerika so nere som tvo av Jentune, som er gifte og bur heime. Olav kom til Amerika i 1866 og var her i 8 Aar. Han kom til Buffalo i 1870 fraa Houston og tok Land innmed Riveren. Han selde Lande til Tarjei Graver og reiste heimatt i 1874. Han var daa heime i 5 Aar og drog avstad att i '79. Ingebjorg var daa

med hit og vart sennare gift med Leiv Tortveit. I 1881 kom Tolleiv og Gunnar. Dei kalla seg Hammer. Gunnar hev butt i Willow City, N. D. i 18 Aar og Tolleiv reiste til Vestkysten og hev no i mange Aar vore i Alaska, der han hev Gullgruve i Sunrise, Cook Inlet. Tolleiv var Skulelærar heime. John, ogso Skulelærar, kom i 1889. Han kallar seg Fosjum. Han hev for de meste vore ved Buffalo. No hev han Land i Marshall Co. Han er Felespilemann I 1883 kom Haavard. Han hev butt i Joice, Ia. og er ugift. I 1895 kom ein yngre Olav (kallar seg Brokke). Han er gift med Anne Midgarden i Klauvreidgrend og hev i 10 Aar butt i Alberta.

Torgrim Morken fortel: Eg maa begynde med Bestefar, Far av Far. Han var fødd paa Folsjæ i Fyresdal og heitte Torgrim Torgrimson. Han hadde tvo Syskind, Gunnar og Gunhild. Folsjæ er ein av dei beste Gardar i Fyresdal. I Skifte etter dei Gamle fekk Gunnar Garden, og Bestefar og Syster hans skulde faa Pengar. Dette var alt godt og vel; men i Millomtidi vart de Fillepæning, idet den danske Riksbank gjekk fallit, so ein Daler vart ikkje verd meir hell tvo Skeling eller 2c i vaare Pengar. Heile Rikdomen som Bestefar og Syster hans fekk var ikkje nok til aa kaupe seg kvar si Gjeit for. Gunnar selde snart Folsjæ og flutte til Vondal, og Gunhild vart gift til Vraadal med Aanund Midbø og er Bestemor til min Nabu Aanun O. Krageness og hans Syskin, Gunhild Juve, Tone Kassenborg og Anne Sannes. Bestefar reiste til Skafsaabygd, der han vart gift. Der var Far fødd. Men so vilde Gunnar Vondal, at Bestefar skulde koma tilbake til Fyresdal, so skulde han faa eit Landstykke av han mot aa bitala ei aarleg Landskyld. Soleis kom han til Morki, som eingong fyri Svartedauden hadde vore Gard, men no var attvoksen med

ſtor Skog. Eg trur me kunde endaa ſjaa der Stoga og Bure hadde ſtade. Beſtefar og Far rudde upp Mørki, ſo me kunne avle ti Tonnur Byg og nokre Tonnur med Jordeple. Men dei maatte betale ei ſtor Landſkyld til Bondal: Ein Mann maatte arbeide 5 Vikur i den beſte Tid av Sumaren, 1 Vike i Vaaraanni, 3 i Slaatten og 1 i Skuren. Her døyde Beſtefar umkr. 60 Aar gl., og Far fekk Plaſſen etter han. I 1837 gifte Far ſeg fyſte Gong med Tone Tarjeisdotter Mætveit, ei Syſter av Tarjei og Herjus Mætveit. Men Aare etter døyde ho. I 1843 vart han daa gift uppatt med Mor. Hennes Fedrar kjenner eg ikkje nykje til. Hennar Far het Nils Amundſon Forsbo og var fraa Modum. Han ſkulde ſtamme fraa ei gamal Adelsætt, men Mor ſa, at han tala alli om Ætti ſi. Han hadde arbeidt i Sylvgruvunne paa Kongsberg og kom derifraa til Aamdals Verk ſom Inſpektør. Her vart han gift med ei Jente, ſom heite Tone, og fekk 5 Born. Av deſſe var Mor den femte. Ho het Gro. Daa Beſtemor døyde var Beſtefar gamal og ſkral og kunde ikkje trivaſt længer i Skafsaa, men maatte tilbake til Kongsberg, der han døyde, og Mor var med han paa de ſiſte. Ho maatte gange heile Vegen tilfots til Kongsberg, for i dei Dagar var der ikkje Kjøyrevegir. Mor tok Teneſte paa Tveiten i Songedalsdalen i 3 Aar, og ſo flutte ho til Graver i Aaslandsgrend og tente her i 10 Aar hjaa Gunleik og Gunhild. 1843 vart ho gift med Far. Dei hadde 5 Born, ei Jente og 4 Gutar. Tone er den eldſte, eg derneſt og ſo Nils, Olav og Saave (Salve). Olav drukna i Bondalsvatn, og dette vart ei Sorg for Mor, ſom ho aldri vann over. I 1867 ſelde Far alt me hadde og reiſte til Amerika. Me reiſte ſiſt i Mars til Skien og gjekk umbor paa Seglſkipe „Rukan". Det var gamalt og rote og tok til aa leka ſtraks, ſo Pompune maatte gaa

Natt og Dag, og hadde ikkje Passagerane hjelp til, so ha me vel alli kome over Atlanteren. De tok os 7 Vikur og 1 Dag aa koma fraa Skien til Quebec. Me var ute i stygge Stormar. I dei Dagar maatte me hava Niste med os over Sjoen: so og so mykje av Smør, Ost, Braud og Kjot; Øl og Brennevin og Kaffe skulde me au hava med. Dei var leie til aa stela av kvarandre, alvist maatte ein passe godt paa Brennevine og Øle. De var some som fekk rare Navn av Tjovestykki sine. Fraa Quebec vart me sendte avstad paa Jernbanen og stuva inn i Godsvognir som Kretur. Men me syntes likevel de var gilt, daa me alli hadde sett Jernbanen fyr og totte de gjekk svært fort. Me leid verst av, at me hadde ikkje Vatn. Naar me stoppa nokonstad, sprang me avstad for aa finne Vatn aa for aa utrette andre Erende, og de var svært leit. De verste var at Folk læste Pompune, so me ikkje kunde faa Vatn. Ikkje var der Trappir te gange ned av Vognine paa. Eldre Norbø Kona til Herjus, gjorde Barføt paa Reisa. Ho maatte liggje paa Golve inni Vogni isaman med dei andre. Ho fekk ei Dotter som vart kristna Aasil. Ho liver enno i Dell Rapids, S. D. Daa me kom til Sarnia, gjekk me over paa ei Ferje til Port Huron. Her sette eg fyst Foten paa amerikansk Grunn. Her vart me lesst paa ein Dampbaat ein 400 av os. Dette var de verste paa heile Turen. Ikkje fekk me sitja, og so var der berre eit W. C. for heile Flokken, so mange maatte utrette sine Erend millom Kassur og Tonnur og koss dei kunde. Me stoppa i kvareinaste By langs Michigan-Sjoen, og kom daa endeleg til Milwaukee. Herfraa bar de vestover til Houston Co., Minn., der me kom just tvo Vikur etter me reiste fraa Quebec.

Me vart godt mottekne hjaa Aanon Krageness og fekk kvile ut etter Turen. Mine Foreldre var hjaa Krageness de

meste av Sumaren; eg og mine Syskin arbeidde hjaa Nabuane. Um Hausten flutte mine Foreldre ut paa ein liten Farm, og her doyde Salve 2 Aar seinare, og so var daa eg og Bror min Nils skiftevis heime for aa hjelpe Far. De meste av de eg tente fekk Far til aa bitala Lande med. Eg arbeide hjaa Farmarane og med hott, som høvde. Eg var med daa dei bygde Southern Minnesota R. R. fraa Spring Valley austover, og stundom var eg i Timberskogen um Vinteren. Eit Aar var eg i Superior for ein „Miner" og eit Aar paa ein Missisippibaat. I 1875, daa Folk begyndte aa draga til Red River Dalen, forlot eg Houston Co. for aa fara vest aa „vekse upp med Lande". Eg tenkte fyst paa aa reise til Black Hills; men Enden vart, at eg den 2. Juni 1875 slog Fylje med Kraakenes, Leiv Eirikson og Osmund Homme til R. R. Dalen. Me hadde ein Mængde Kreatur og Oksar og Hestar. Alt gjekk godt, og me hadde ei morosam Reise. Den 26. Juni kom me til Asgjerd Lie ved Buffalo River.

Per Lie, Far til Diktaren kom til A. i 70-Aari og upphelde seg her nokre Aar, mest ved Buffalo. I Fylje med han var ei Dotter Anne, som vart gift med Leiv Eirikson. Ho er daai, men Leiv liver. Dei hadde fleire Born. Per Lie heldt Skule mest i Houston, og mange ved Buffalo hev gjenge i norsk Skule for han. Han reiste heimatt og doyde i Fyresdal.

Vetle Salveson er fødd paa Findalstveit i Fyresdal 24. Sept. 1829. Foreldri var Saave (Solve) Vetleson Findalstveit og Gunhild Gunnarsdotter Bondal. I sin Ungdom var han Skulelærar i Heimbygdi. Han drog til Amerika i '61 og var med i de store Fylje fraa Fyresdal, som kom yvi paa de russiske Krigsskipe. Han heldt Skule og arbeide som Skomakar i fleire Aar i La Crosse og Houston.

Sea gjekk han inn i Handelsforretning saman med Saave Schibsted og gjorde de godt. I 1870 selde han ut og kom til Buffalo River og busette seg i Town of Moland. Same Aare vart han gift med Signe Bjugsdotter, f. 1832 av Foreldri Bjug Torjussson Aalandslie og Ingebjorg Tjostovsdotter Nora. Dei hev ein Son, Salve, som var med og skipa Telelage og er Skrivare. Han vert no so væl kjend millom Telane, at eg treng 'kje aa fortelje meir um han. Mor hans doyde i 1895, men Far hans, gamle Vetle, liver enno paa Farmen med Buffalo River.

Aanon Krageness kom fraa Kraakenes i Vraadal 1852. Daa var han sju Aar gl. Far hans var Olav Aanundsson og hans Mor, Kari. Dei hadde 4 Dottar og ein Son, Aanon. Tvo av Systane liver no, Mrs. Kassenborg og Mrs. Juve, som no er flutt tilbake til Houston Co. Olav Kraakenes doyde i Houston og Kari ved Buffalo. Dei kom over paa Seglskip fraa Porsgrund og var over 9 Vikur paa Sjoen. Dei kom 'kje til Koshkonong før i Skuren og reiste straks til Jowa Co., Wis. der dei var i tvo Aar. Derfraa flutte dei til Houston, Minn. Aanon kom upp til Buffalo og saag over Lande i '71. I '74 kom han tilbake og tok Land, og Aare etter flutte han upp og bygde, der han bur no. Han var fyst gift med Syster til Asgjerd Lie. Ho doyde, og han vart uppatt gift med Dotter av Olav Studelien. Tvo Sonir etter fyste Gifta, Gilbert og Emanuel, hev kvar sin Farm nord for Krageness. Med andre Kjeringi hev han fleire Born, ein av dei Oliver hev Handel paa Krageness Station. Gamle Aanon er ein gjestfri Mann og livleg og roug. Han kjøyrde Sogusfrivaren rundt i den styggaste Vaarbloten.

Sigurd Dauvi (Dewey) kom til Buffalo i 1881 og kaupte Land paa Austside av R. i T. av Morken, der han

bur no. Han er gift med Taaraan Bygstøyl fraa Vraadal. Sigurd Tauvi er fraa same Bygd som Soguskrivaren. Han er Son av Tjostof Tauvi, som reiste til Amerika fraa Høydalsmo 1861. Tjostof hadde 5 Sonir, Olav, Knut, Bjørguf, Olav og Sigurd. Den eldste Olav reiste i 1861. Han var med i Krigen 4 Aar. Han døyde eitpar Aar etter han kom att fraa Krigen. Bjørguf, gift med Ingebjørg Ofte, reiste i '63. Han budde i Trempleau Co., Wis. Han er d. Olav den yngre, gift med Asgjerd Ofte, fylgde dei andre i '61. Tjostof fekk Land i Coon Valley, Wis. Han d. i 1900, 88 Aar gl. Knut bur i Coon Valley.

Ingebjørg Studelien, Dotter av Christoffer Roholt, kom til Amerika i 1885. Ho vart gift med Edvin Studelien (1889), Son av Ole Studelien, som fyst bygde upp Farmen og liver enno. Han er komen fraa Valdris. Ingebjørg er ei framifraa Kjering, aandsterk og gaaverik, som heile Roholtsætti var. Dei fleiste av dei er no i Amerika. John Roholt, Bror av Christoffer, reiste til A. i '66 til Houston, so til Yellow Medicine Co. so til Sand Hill i '74, der han d. i '74. Han selde Garden sin i Vraadal for $6000 til Capellen, som tvo Aar etter selde den for $30,000, daa Skogen kom i Pris. John gjorde de 'kje godt i Amerika. Børni etter han er spreidde utyver. Ein annen Bror, Hans reiste til A. noko fyri John. Kom heimatte og gifte seg og vendte tilbake til Houston, der han er daaen.

Mikkel, Bror til Ingebjørg, kom til A. i '77 — fyst til Houston, so til Sandhill, der han tok Land og kalla Garden „Bøjuv". I 1892 selde han og reiste fyst til Canada, so til Idaho, der han er no.

Hans, ein annen Son af C. Roholt, kom til A. i 1880, sette seg ned med Sand Hill. Han tok seinare Land

ved Fosston og er no i Osmond, N. D. Ein trie Son av E. Roholt kom i '93. Han held seg mest ved Climax og Crookston. Han er Lauskar.

Christoffer Roholdt døyde i '92 heime paa Roholt i Vraadal. Leiv, den eldste Sonen, som hadde Garden, doyde iaar. Roholtætti hadde Kjæmpekarar i gamal Tid. Segni seier, at ein stor Ransman vart ihelhoggen der, daa han vilde inn og rova. Tei fann Beinrangle av denne Ransmannen, daa dei vola um den gamle Kyrkja umkr. 1850. Det var 7 Fot langt og hadde eit Hogg i Hovue. Diktaren Vinje var vel kjend med John og Christoffer Roholt og hev umtala John som ein usædvanleg gaaverik Mann. Der er mange Hermur etter han heime, som visar at de var sandt, som Vinje sa, men han var for uvyrden og grov.

Aadne Hanson Breiland kom til A. i 1868 til Houston Co. Han var ein av dei siste, som for paa Seglskip. Han sigldе ut fraa Skien og var over 9 Vikur paa Have umbord paa „Skien". Han kom med dei fyste til Buffalo og tok Land i T. av Moland. Grashoppune kom og Breiland selde sit Land for $50 og reiste heimatt til Noreg. Han var heime berre ½ Aar so kom han tilbake. Han vart gift i Houston med Gro T. Eiki. Han kom hit til Buffalo att i '77 og kaupte Land, der han no er i T. av Kragnes. Han hev bygt upp ein fin Farm og er i stor Velstand.

Tarjei Holte fraa Vraadal kom til A. 1868 fyst til Houston, so til Buffalo i '76 og kaupte Land tett innmed Riveren i T. av Kragnes. Han d. for 4 Aar sea. Sonen John bur no paa Farmen.

Olav Riland kom til A. fraa Fyresdal i '66, budde i Houston i 10 Aar, kom til Buffalo i '67 og tok Land. Sonen Thorvald bur no paa Austsida av R. i T. av Morken. Han er gift med Dotter av Tarjei Holte. Olav d. for 4 Aar sea.

Kristen O. Bergland kom til A. fraa Fyresdal i 1848. Kjeringi het Else. Dei hadde daa eit Barn, ei Jente. Han kom til Dane Co. Wis. og døyde der i 1884. Der var 8 Born. No liver att 5. Ein av dei er O. E. Bergland, som bur paa ein vel uppbygd Farm ved Buffalo River. Han hev ein Bror, T. O. Bergland ved Rockford, Wash. Der er ogso ei Syster, og tvo Systar bur i Crookston.

A. G. Kassenborg kom til A. fraa Land og er soleis ikkje Telemarking; men han er gift med ei Vraadølsjente, Tone Kraakenes, Syster av Aanon, og han og Huslyden hans reiknast soleis med dei andre Telar i Buffalo-Bygdi. Han kom hit fraa Houston i 1876 og kaupte Land inmed Riveren og hev bygt upp ein av dei gildaste Gardar der. Han er rik og hev mange Børn. Hr. Kassenborg kom til A. i 1852. Ein av Sønine hans, Edward, er gift med Dotter av Leiv Krageness i Houston. Han bur paa Farmen etter gamle Mikkel Revskil, som reiste til Noreg for mange Aar sea og er daaen. Gilbert Kassenborg hev Land inmed Far sin og bur heime hjaa honom — er ugift.

Peder O. Bøen kom til A. fraa Tinn i 1869. I 1873 kom han til Buffalo fraa Fillmore og tok Land paa Prairien austanfor Riveren, der han bur no. Han var gift fraa Noreg med Gro Tveiten. Han hev 3 Gutar. Dei hev Land i Canada, der Gamle Krageness ogso hev Land. Peder Boen hev havt mange Born; men so mange av dei døyde, med dei var smaa.

Distein Nilson Espeland kom til A. fraa Jøisdalsbygdi paa Tinn i 1890, 46 Aar gl. Han kaupte Land 3 Mil aust for Riveren i T. av Morken, der han bur no. Hev 2 Sønir og 3 Døttar.

Olav Aadneson Midgarden kom til A. fraa Birtedalen

i Fyresdal i 1865. Han landa i Fillmore Co., Minn. I 1877 flutte han til Buffalo Bygdi, der han bygde upp ein fine Farm. Han døyde for 3 Aar sea. Ekkja og 5 Born, 2 Gutar og 3 Jentur liver.

Tjøstof Kristianson Nøra kom til A. fraa Fyresdal i 1880 og kaupte Land ved Buffalo og bygde seg upp ein bra Farm, der han bur no, 77 Aar gl. Han hev 5 Born, 1 Gut og 4 Jentur liver. Olav driv Farmen. Gunhild vart gift med Aanund Olson, er no Ekkje. Torbjørg, Signe og Anne er ugifte, men eg vonar dei bli snart.

Olav Sommonson Moen kom til A. fraa Fyresdal 1882, og hev for de meste butt ved Buffalo River. Er Lauskar.

John Bror hans kom til A. 1870 til Houston. Kom til Buffalo Bygdi 1880, budde paa Prairen austfor Riveren, flutte for 4 Aar sea til Chief River Falls. Sonen hans, Alfred Sommonson, Literaten, er au der.

Ein annen Bror Tarjei og 3 Systar kom til A. umkr. 1880. Dei hev Land ved Germantown.

Torkel Olavson Skori kom til A. fraa Fyresdal 1880 og tok Navne Snartland. Han kaupte Land paa Austsida av Buffalo R. Han var gift fraa Noreg med Gro Findalstveit, ei Syster til Halvor og Vetle. Han hev 5 Born. Hans yngste Son Olav hev Farmen, gift med ei svensk Jente. Hans eldste Son Saave (Salve), som er gift med Dotter av G. C. Svenkeson, bur ei Mil austanfor Far sin. Torkel hev 3 Døttar. Den eldste Margit vart gift med Olav Thimbrud. Han brann ihel for 13 Aar sea. Han laag full i eit Hus, som der kom Eld i. Kjeringi av Torkel vart slegi ihel av Tora i 1900.

Tarjei Gjermundson Snartland kom til A. fraa Fyresdal saman med Torkel og koupte Land tett inved. I 1892

gifte han seg med Guro Lisland, Dotter av Vetle. Dei hev 4 Born.

Lars Svenkeson og Gunnar Svenkeson er fødde ved Skien. Dei kom til Kvitseid med ein eldre Bror Olaus, som vart kjend i Heimbygdane, som ein stor Bygmeistar. Lars for tilsjøs i mange Aar. Han var i Brasilien, daa Pres. Lincoln vart skoten. Daa han kom heimatt, gifte han seg og reiste straks etter til Amerika umkr. 1870. Han tok Land paa Austsida av Buffalo R. der han bur no, 71 Aar gl.

Gunnar Svenkeson kom til A. tvo Aar etter Lars. Han vart gift i Houston med Dotter af Vetle Lisland, Signe. Han kom seinare til Buffalo og tok Land. Her bygde han upp ein fin Farm. Han døyde 1907. Dei hadde 12 Born. Den eldste Dotter er gift med Kjetil Momrak ved Park River, N. D. Gunhild er gift med Olaus Gunderson, Sonen av Bendik Gjeitestad. Fleire av Borni er d.

Knut Halvorson Tveiten er fødd paa Skafsaa i Skaffebygd. Han kom til A. 1868. Han tok Land ved Buffalo R., der han bur no. Han er ugift.

Olav Bjorgulfson Upsund, Son av Bjorguf Brokke, kom til A. 1857, og budde ei Stund paa Koshkonong. Her vart han gift med Bergit Skafsaa. Bjorguf døyde for 40 Aar sea, og Birgit døyde ifjor hjaa Halvbror sin Knut H. Tveiten. Dei hadde 4 Born, Halvor, Olaus, Gunnar, Knut og Ingebjorg. Halvor bur i Thief River Falls, Olaus i Grand Forks, Gunnar ved Buffalo R. og Knut i Moorhead. Alle kallar seg Tveiten. Bergit vart gift att med Halvor Bjørnstad. Dei budde i Fillmore Co. Han er no daaen.

Gunnar Tarjeison Gaasetjon (Muhle) kom til A. 1865.

Han tok Navn etter Garden Muhle i Skaffaa. Kom til Buffalo 1871 og tok seg Land med Riveren i T. av Moland. Gunnar døyde i 1894. Kjeringi Ingebjorg liver enno 83 Aar gl. Sonen Tjostof hev no Farmen. Han er ugift. Ein annen Son Tarjei, gift med Guro Rui fraa Fyresdal, tok Land med Riveren og er daaen.

Askild Torjusson Bekkerus kom til A. fraa Skaffaa 1882 og kaupte Land i T. av Moland, der han bur no. Hans Far Torjus og hans Mor Ingebjorg kom i '92 og bur tett ved Askild. Gamlingen fekk Homestead, som han „prova upp" ifjor, den siste frie Homestead i Clay Co. Askilds Kjering heiter Tone og er fraa Kleivi. Dei hev 5 Gutar og 3 Jentur.

Andres O. Risøy (Rice) kom til A. 1860 til Houston saman med sin Far Olav Risøy, Mor og 4 Syskin. Han gjekk i Krigen istaen for sin Far, som var utskriven. Han var med til Slutten. Under Indianer-Uppreisten i '62 rømde Risøyfamilien saman med dei fleste andre fraa Houston til LaCrosse. Å 1880 flutte dei alle saman til Walsh Co., N. D. og tok Land der. Der døyde dei gamle. A. O. Rice kom hit til Buffalo i 1880 og kaupte Land, der han bur no. Han er gift med Signe, Syster av H. Rasmusson. Sonen Rasmus Rice hev no Farmen. Han er gift med Dotter av Tarjei Skretveit.

Etterskrift: Der er mange avlidne i Buffalo-Bygdi etter dette var skrive, soleis Ole Studelien, Tjostof Nora, Past. Bondahl, Torgrim Morken, Tarjei Snartland, Torjus Bekkjerus og Olav Tortveit.

Noko um Telelage

fraa Sekretæren.

Det Norske Selskab eller kanske helst Valdris Samband, som allerede i flere aar havde været organiseret, er vel det som nærmest gav stødet til, at Telelaget blev stiftet. Pastor B. G. Bondal, som var en af D. N. S.'s grundlæggere og en meget norsk-interesseret mand, var vistnok den som først bragte tanken frem. Jeg husker engang for omtrent fire eller fem aar siden, at vi snakket om dette. Vi snakket da ogsaa om samling af bygdekrønike og udgivelsen af disse i hefter. Det blev dengang intet af, men tanken voksede.

Vi synes at leve i en samlingens Tid. Folk føler trang til at samles om noget. Fler og fler faar øinene op for nødvendigheden af, at noget gjøres for at bevare vor historie, vore traditioner, vort sprog. De begynder at se, at hvis nordmændene herover ikke snart gjør noget, saa vil deres historie gaa tabt for efterslægten.

Det Norske Selskab blev stiftet, men det var ikke længe, førend mange saa, at det var for stort anlagt. Det magtede ikke det store arbeide, som var udlagt for det. Det var for spredt. Der var ikke samarbeide nok. Vore formaal, vore religiøse opfatninger osv. var forskjellige, derfor gik det trægt.

Saa kom tanken med fylkeslagene, tanken om at folk, som kom fra samme fylke eller distrikt, havde mer tilfælles, kunde arbeide bedre sammen, hvis de var samlet i fylkeslag, end de kunde om de var samlet i et selskab.

Der syntes at være mer fremskridt i Valdrisserne end i de andre. De har holdt sine aarlige midsommerstevner i mange aar i Como Park, St. Paul. Deres „Valdris

Helsing'' har gaat i flere aargange, og de har visnok samlet en masse historie om sine bygdefolk. (Havde vi havt en Mand som Prof. Veblen blandt os, kunde vi have gjort det samme. — T. O.)

Det var straks før Jul i 1906, at et opraab blev sendt ud af en del interesserede Teler, for at danne et Telelag. Blandt de som underskrev dette opraab og siden blev Lagsmenn var Bendik Bondahl, Torkel Oftelie, A. A. Trovaten, Kjetil Knutsson, Gunder Howard og Torjus Lundevall. Det organiserende møde blev holdt den 16de Januar 1907 i Piries Hall i Fargo. Mødet var ikke saa vel besøgt, som man kunde ventet, og ikke alle, som var tilstede, vilde være med, da der blev en hel del diskussion, om hvorvidt Telelaget skulde være selvstændigt, eller det skulde være en afdeling af ,,Det Norske Selskab''. Bondahl og etpar andre (Dr. Fjelde var tilstede) ivrede for det sidste, og det blev saa.

Skrivarens Uppteikning fraa Møte i Fargo den 16de Januar 1907:

Eit møte blei halle paa Piries Hall om Ettermiddagen den 16de Januar 1907 for aa skjipa eit Telelag. Bendik Bondahl blei vald te formann og S. B. Salverson til skrivare.

Formannen las upp eit utkast te grunnlov. De blei umrødt, at stykki skulde takast kvar for seg.

Torkel Oftelie las upp eit utkast noko liknande Bondahls, med andre navn paa styresmennane. Formannens utkast blei godtekje med ein liten forandring. Grunnloven blei underskriven og peningane bitala te kassestyraren.

Dei som underskreiv var: Bendik Bondahl, H. H. Aaker, Torkel Oftelie, A. A. Trovaten, S. B. Salverson, Levi Thorkvedt, A. O. Kragnes, A. H. Breiland, Knut

Mitgard og A. K. Tweto. Aaker, Tweto og Oftelie blei valde te aa nevne ut dei, som burde veljaſt te ſtyresmenn for lage. Dei nevnde B. Bondahl, Formann; A. A. Trovaten, Neſtformann; S. B. Salverſon, Skrivar og Kaſſeſtyrar og Torkel Oftelie, Soguſkrivar. Deſſe blei valde einſtemmigt. Neſte møte ſkal hallaſt i Fargo te Jonſok.

De blei paalagt ſkrivaren og ſoguſkrivaren aa faa prenta grunnloven og ſent den te ſo mange Telar ſom mogelegt. Møte ſlutta. S. B. Salverſon.

Mellem organiſationsmodet og Jonſokſtevnet blev der trykt og ſendt ud en maſſe konſtitutioner og cirkulærer. Sagaſkriveren reiſte rundt og ſamlede en hel del hiſtoriſke oplysninger, men laget fik ikke nye medlemmer ſaa fort, ſom vi havde ventet.

Stevnet i Fargo var nok ſaa vellykket, og der var omtrent 50 tilſtede. Modet holdtes paa Loyal Knights Hall. Paa dette møde blev grundloven forandret, ſaa at Telelaget blev frit og ſelvſtændigt, ingen del af D. N. S. Dette hjalp endel til at faa nye medlemmer, men det mærktes, at noget andet maatte til for at oparbeide et ſtort og ſtærkt lag.

Uppteikning fraa Møte i Fargo den 25de Juni 1907: Telelage heldt ſit aarsmøte i Loyal Knights Hall, Tysdag den 25de Juni 1907. Møte blei ſett av formannen, ſom heldt ei lite tale. Skrivaren las uppteikningje fraa fyſte møte. Det blei godtekje.

Inſkrivning af nye lagsmenn. Der var mykje disputas om, kos dei ſkulde takaſt inn, men etterſom me ha alt brote lovane, blei de faſtſett, at alle dei ſkulde faa royſte, ſom vilde vera med i Telelage, enddaa om dei ikkje vilde vera med i Det Norſke Selſkab.

Skrivaren melte at han hadde 55 lagsmenn inſkrivne, og at han ha tekje mot $36.50 og bitala ut $33.00 for

prenting, frimerkje og anna. I kassa $3.50. Nye lagsmenn tekne inn i møte 18. Sogufrivaren melte, at han ha reist vonost meir og skrive ned mange sogur. Han nemde Buffalo River settlementet, som bli ei heil liti bok.

Grunnloven blei forandra, so at Telelage ikkje lenger høyrer under Det Norske Selskab.

§3 blei forandra so, at det kostar bare 50c aa høyre te Telelage. §4, §7 og §8 blei strokne, istaen for §4 blei sett: „Telelage vil virke i samhove med Det Norske Selskab og fylkeslagi."

Te blei vedtekje, at Grunnloven skulle skrivast paa „nynorsk". Neste aarsmøte ska haldast i Climax, Minn. Elias Steenerson blei vald te formann paa ein komite te aa greie med neste møte.

Knut S. Lee, Ole Breivik og Hans Samuelson blei valmenn, og dei foreslo same styre som ha vore. Dette blei vedtekje.

I ei stutt, grei tale helt Knut Lee fram, at me burde samle noko aa sende John Lie fraa Telelage. Knut Lee og Ole Breivik blei nemde som komite te aa samle. Formannen nemde Torkel Oftelie og S. B. Salverson te aa skrive ein Resolution og sende te John og Torbjørg Lie ianledning av deires sylvbryllaupsdag. Møte slutta.

S. B. Salverson.

Ette middagen blei der halle talur av Ole Breivik, Henry Bjorge, Kjetil Knutson, A. Skaarvold og andre. Torkel Oftelie las upp ein „filosofisk oversigt over norsk-amerikanernes stilling, maal og opgaver"; kva som bli gjort og kva som skulde gjerast — den var svært god. Alt tekje med var de eit godt møte; alle blei væl fagna og var fornøigde.

Gudbrandsdalslaget blev organiseret samme dag og vi

havde den fornøielse at ha nogle af Telerne med os paa vor fest. Gudbrandsdalslaget var det andet, som organiseredes her i Fargo og det tredie i staten. Hallingerne havde nemlig organiseret i Walcott i Mars.

Om stevnet i Climar, Minn., den 23de Juni 1908 og om arbeidet i det sidste aar skal jeg skrive i næste numer af „Telesoga".

„Tiriltunga" en liden stevsamling paa Telemaal blev udgivet vaaren 1907 af Torkel Oftelie og S. B. Salverson, og en hel del blev solgt eller git bort til medlemmer. Vinteren 1908 modtog vi endel af Rikard Berges bog om Tormod Borgegjorde; disse gik fort. Sagaskriveren har samlet en masse stof, — men mere om det senere.

Telelagets egentlige formaal er at samle Telesoga i Vesterheimen. Men laget har sine aarlige stevner, hvor Teler fra alle dele af landet kan komme sammen og fornye gamle bekjendtskaber og stifte nye. Det kan ogsaa have sin nytte deri, at slægt og venner, som havde kommet bort fra hinanden, kan komme sammen igjen.

Sekretæren har i disse to aar, som laget har existeret, ført en nokssaa stor korrespondance. Sendt ud i tusenvis af breve og skemaer, men modtaget forholdsvis faa svar. Vistnok er der en hel del interesserede; men ikke paa langt nær saa mange, som man kunde ha ventet.

At være medlem af laget bestaar ikke bare i at sende ind 50c, endskjønt det er en af de første betingelser, men at man tager aktiv del i det historiske samlerarbeide. Først at fortælle om sig selv og sin familie og siden at faa saa megen greie paa andres historie som muligt. Fortælle om sit nybyggerliv og settlementet. Være tilstede og tage del i stevnerne, hjælpe til med at skaffe nye medlemmer osv.

Laget er knapt to aar gammelt; men flere af vore bedste

medlemmer er allerede lagt i jorden. Vor formand, som andetsteds er omtalt i dette hefte, døde i sommer efter at ha været sygelig i mange aar. Gamle Olav Thortvedt, som var en af de første settlere ved Buffalo River, døde ihøst. Hans var et langt og virksomt liv og alle mindes gamle Tortveiten med hugnad. Torgrim Morken var en anden gammel pioneer ved Buffalo River.

Hvad bør gjøres? Dette er det store spørgsmaal, men jeg synes ikke, at det er vanskeligt at besvare. Vi maa samle vort folks saga. Det er ikke saa meget om at gjøre at faa den trykt som at faa den nedskreven. Har vi den bare i skrift, saa faar vi den nok med tiden paa prent. Alle som er interesserede — og alle Teler bør være interesserede — maa prøve paa at skrive ned alt, hvad de ved og kan finde ud om Telemarkinger og Telemarksettlementer her i Amerika. Vi bryr os ikke om, hvad som gaar for sig i Norge, der er folk nok derborte til at gjøre samlingsarbeide og historieskrivning. Det blir det samme, hvad sprog du bruger, norsk, dansk, engelsk, bygdemaal, landsmaal eller riksmaal. Det er ikke saa noie med stavningen og ordleiningen, det vigtigste er indholdet. Bare vi faar stoffet, saa er der nok nogen, som kan sætte det i form.

S. B. Salverson, Sekretær.

Sea Sekretæren hev lova aa skrive um Telestevne i Climar i næste Hefte av Telesoga, so vil ikkje eg rita upp noko um de no for ikkje aa tapa i Tevlingi. Eg vil berre faa Loyve til aa takke dei, som fekk istand de gilde Lage i Climar, Olav Breivik, Hans Samuelson og Elias Steenerson og alle dei andre, som hjelpte til.

Elias Steenerson, Postmeistaren i Crookston, ha lyst ut, at han vilde gjeva ein $5 Hatt til den, som laga den

beste Visa til Telestevne i Climax. Soguritaren maatte daa au til aa rima og var heldig nok til aa vinne Hatten. Her er Visa hans. Den er gjord paa same Leisten, som han Ivar Aasen bruka, daa han skreiv „Millom Bakkar og Berg utmed Have", men der er ikkje so godt To i denne som i Visa hans Ivar, og den vert derfor ikkje so seig aa slite paa.

I Climax.

Hou i Climax er Gaman aa vera
Helst naar Telane samlast til Lag.
For so gildt, som me heve de hera,
Fær me inkje paa Nar og paa Dag.

Her er Gardar so store og gilde,
So velsigna med Aaker og Eng,
Og Folki so utifraa snille,
At eg ynskjer aa vera her leng'.

Her er Vinland, som Leiv*) heve funne,
Og her heve Telane bygt.
Dei stræva, men fram dei hev vunne,
Og no stende Heimstaden trygt.

Me er trottuge ute og inne
Med aa byggje vaar Heim og vaart Land,
Der er mykje aa virke og vinne,
Naar at alting skal vera istand.

Me vil hava de ljost inni Stoga,
Me vil hava de hugsamt og veent,
Dei skal sjaa, naar dei skrive vaar Soga,
at me Lovordi heve fortent.

*) Leiv Steenerson fann Lande ved Sand Hill River og var den fyste, som busette seg her. Han kalla Towne Vinland.

Og me ſparer kje Styrken og Dugen,
Og me gløymer 'kje Lande i Nor';
De er Noreg, ſom leikar i Hugen,
Naar me tenkjer paa Far og paa Mor.

Me vil Fridomen elſke og giva
Alt, de Federne gav for den Møy,
Dei ſom kunde for Fridomen liva,
Og ſom kunde for Fridomen døy.

De er Von um, at Elias Steenerſon lovar ut ei ny Diktarlon til næſte Teleſtevne i Crookſton ved Jonſokleite. Gjer han de, ſo bli de Kappdikting, ſkal du ſjaa. Millom oſs Telar er de enno, ſom de var i gamal Tid, daa Skaldane fekk Løn av Hovdingane for Kvædi ſine.

Hr. Elias Steenerſon er væl laga til aa vera Hovding. Han er „rauſt paa Haandi", ſom dei gamle Stormenn var. For nokre Aar ſea lova han ut $50 for den beſte Umſkrift til Engelſk av Vinjes Dikt „At Far min kunde gjera". De var Peer Strømme, ſom vann Priſen dengong, um eg ikkje miſsminneſt.

De var ein Mann, dei kalla Lars Langomlaar. Han var ſo lei til ſtela Fiſk. So var det tvo Grannar, ſom tænkte ut ei Raad til aa ſkræme Lars av Fiſkebekken ſin. Dei la ſeg upp i kvar ſin Nut paa kvaare Sida av Bekken ein Kveld, daa Lars var der aa fiſka.

„Grannen min, den goe!" ſa den eine.

„Hott?" ſa den andre.

„Vil du laane meg Gryta di, den ſtore?"

„Hott vil du med den?"

„Eg vil koke Lars Langomlaar, ſom fiſkar paa Bekken min baade Hauſt og Vaar."

„Nei fyrr vil eg ſteik'n paa Gløane."

Daa vart Lars rædd, tok ut og torde alli koma att meir.

Daa eg voks upp.

Nutar og Skog og Vatten. Med Mor og jætte. Fisking. Ikkje alt var Gaman. Paa Ski. Reven og Bjønnen. Stuten etter Bjønnen. Blakken. Skogsarbeid. Daa Blakken daua. Daa Dammen gjekk. Daa Vaaren kom. I Skulen. Rare Hugsvid. Segnir um Gjyvrir og Bergetroll. Tor er etter dei enno. Utmennane. Ein Kveld paa Tykve.

De er merkjeleg, kor væl eg minnest alt, de eg saag umkring meg, daa eg var Smaagut. Eg kan likjsom sjaa de enno altsaman. Aa ikkje berre de eg saag, minnest eg, men de eg høyrde Folk fortelje og dei Tankar og Fyrestillingar eg gjorde meg sjølv um de.

Den Heimskringla eg daa kjende var ingen vid Umkverv. Men den Tid totte eg, de var ei stor Verd likevel. Aa alt stod i ein Eventyrglans og lyser den Dag idag som eit Alveland.

Der var Nutar og Skog og Vatten med feit fin Aure i. Daa eg var med Mor og jætte, totte eg de var so makalaust veent, daa me stod høgt upp i Liane, hell me sat uppaa ein Nut og saag nedyvi Vatni, paa ein blank Sumardag. Me saag Grunnane i Ljosdalvatne. Dei lyste so blankt utimot Koladjupe. Mørkelok bugta seg som ein lang, svart Orm vestyvi mot Hovdevatten. Ned paa Tangane med Lokjen saag me Far og dei andre helt paa med Høyingi. Var me høgt uppunder Rausinutane, saag me so mange Gardar burt i Tifjoll. Eg minnest enno eitpar Stev, som Mor kvad:

No skuggar Sol yvi Difjøll neb
Og ausk yvi Rausinutar.
Dei leier inn Bruri paa Nivelkinn,
Der fylgjer so kaate Gutar.

Haari ha ho som Tiriltunga
Og Halsen var som Mjødd*),
Augo var i Hausen sjaa
Som Soli kjem uppaa Fjødd.

Upp under Rausinutane var der so mykje av den gule Blomen, som me kalla Tiriltunga, at de lyste gult, og so mykje Smyle.

De var 'kje so sjella, Mor kvad Stev, men ho song helst nokre gamaldags gudlege Songir, som eg ikkje lika, or ei Bok, ho kalla „Normanboki". Eg bad ho tidt um aa fortelje meg um Tussane. Men ho vilde so sjella fortelje noko. Ho song eingong eit Stev som eg lika um Huldri i Rausiliane:

Eg heve sett henne Hugaljo
I fagraste Rausiliar
Eg tikje eg høyrer de Maali no,
Naar ho sine Bonni biar.

Men so fekk eg høyre um Tussane av andre. Gamle Gunhild viste mykje um dei og Breislejentune og mange andre.

Og so mykje som me fiska, mæ me var i Heidi um Sumaren. Me kunde setja ut Garn aa faa Fisk mest alle

*) Mor tala Vinjemaal, ho bruka dubbel „d" istaden for dubbel „l". Soleis Mjødd. Mjøll, den lette fine Nysnjoen. Nivelkinn laag paa Nordsida av Rausinutane.

Tidir. Eg minneſt de hendte ſtundom, at ein Lom ha kome i Nete og usſa ſeg faſt. Truleg rende han etter Smaafiſk, og ſo ſaag han vel ikkje Nete. Um Hauſten gjekk Fiſken upp gjenom Aair og Bekkir—paa Gaatten ſom me kalla. Eg var med Far mang ei Gong og ljoſtra um Hauſtkvello. Me laga til Tyriſkundur, ſom me gjekk med, og ſo vasſa me midt etter Aai imot Straumen. Daa ſaag me Fiſken ſo godt i den kolmyrke Kvellen, og han ſtod ſo ſtill; de ſaag ut, ſom han vart blinda av de ſterke Ljoſe. Der var mykje fin Fiſk og iblandt var der Sluggar. Til Middags neſte Dag aat me oſs mette av Rogn, ſom var ſteikt i Rjome hell Smør. De var Mat for Mons de.

Men naar Fiſken beit paa Fluga, var de kanſkje gildaſte. Daa me rodde med Otter, og tri fire kunde bite med ein Gong. Slikt hendte. Daa drog de i Lina, ſo du kunde tenkje den gjekk av, og dei ſtore Sluggane baſka og kaſta ſeg, ſo Vasſpruten ſtod.

De var 'kje lite Moro aa fiſke Smaafiſk i Aai hell. Naar ho var liti ſome Tidir ut i Haaballe, beit Fiſken ſvært. Daa ſlog me ilag me Gutungane og flaug upp og ned etter Aai og kappfiſka. So lauga me konn ſtundom mange Gongir um Dagen og kappſaamde yvi Hylane. Og ſo ſteikte me og aat Fiſk, alt me orka; for de var 'kje noko aa koma heimatt med ſlike Aakot til dei vaksne, veit du.

Men de var 'kje alt, ſom var Gaman i den Tid hell. Eg og Bror min var med Far og ſlo, fraa me var Smaagutar, og Slaatten varde lengje — i fem ſeks Vikur. Aa tungt var de ſtundom, ſo de verkte i Ryggen, daa me gjekk i Skaargong paa Myranne. Um de rignde, ſlo me like godt. Daa heldt me konn paa Finntangane, og Finnen maatte bite i Graſe, um han var alli ſo ſeig. De var 'kje ſo ille aa gange vaat, naar ein ſlo. Daa var de verre aa

lauve og jæte i Regn og Ruskver um Hausten. De var 'kje Moro i Epleonni hell stundom, aa stande aa hogge med Greve og rote i Molli etter Jordepli, naar de rignde og var kaldt og ufyse. Huttutu so lange Dyktine var. Eg tenkte tidt paa naar eg var arbeidsgretten, kor mykje betre alle Storfolk og Fantar ha de, som kunde liva utan aa slite aa lide vondt. Embætsfolk og alle slike, som me kalla „Fremmini", dei ha de godt. Eg var arg paa dei, for eg totte, dei ha de so mykje betre enn me. Ja Fantepakk desmeir, som fo'r rundt Bygdane, ha de betre paa si Vis, med de at dei slapp aa stræve, tenkte eg. Eg arga meg eingong upp paa ein Langfarre, som Mor ha gjeve Mat, og eg skjefte han av so haaleg, at eg kjem de ihug enno. Han hadde slegi til meg, um han ha tort.

Der la seg noko myrkt og tungt yvi Hugen um Hausten, helst naar de var myrkt i Vere, noko som gjorde Live so aalvorsamt og dystert. Eg kunde kjenne de slik, at eg ikkje viste, kor eg skulde gjera av meg.

Men so snart Snjoen kom, og der vart Sledaføre og Skiføre, daa letna alting. De finns vel ingi Idrott hell Moro, som kan mæle seg med Skiløyping. Naar Skiføre er lett, so ein kann fara i Skogar og Markir mest som ein Fugl fraa den eine Aasen til den andre, daa veit ein ikkje til, at ein hev Likaam og Saal; alt er likssom paa Fuglevengir. Ein veit ingenting av, fyrr han vert folten aa maa heim aa faa seg Mat. Daa smakar de godt aa faa seg ei god Grautehakke — med lite Rjome paa.

Aa so fange Hjasar og Rjupur og Orrfugl. Leite etter alle Smog der Hjasen maa igjenom og setja upp Snorur. Orrfuglen fekk ein helst fyri Snjoen kom, naar ein sette Snorune under Grænar og i Buvegir. Men Rjupa kom ikkje nedyvi Liane fyrr utpaa Vetteren, helst naar de ha

kome dugeleg Snjo. Daa turvte ein ikkje gaa paa Fjøllí etter ho; ho kom heilt nedaat Jore. Naar me daa kom til Snorune og saag den kvite, fine Fuglen laag i Snora — some var 'kje daue, men laag aa flaksa — daa var de gjildt kan du tru.

Men Reven daa, den som kunde fange den? Den sløge Lurifaren, som lagar seg daud, fyst han kjem i Knipa. Eg var med ein annen Gut eigong og sette ut ei Revsoks, han ha fengje seg. Me gjekk og saag til ho næste Morgo, de var endaa ein Sundagsmorgo, og daa laag der ein stor Rev i Soksi. Me tok i han og kunde ikkje sjaa Liv. Han laag so daud som ei Sill. Men me tok han kje ut or Soksi, fyrr me ha bunde Fotane hans med Sokkebaandi okkons. Me tenkte, at han kanskje berre laga seg daud, som me ha høyrt, at Reven ha til Vis aa gjera. Jau regtig, me ha 'kje fyrr tekje han ut or Soksi og gjenge eit Stykkje ifraa, fyrr Reven tok te hoppe og kaste seg. Ha me 'kje vori so umtenkte og hella Beini hans, so ha han vore burt i Augneleite paa eit halvsnutt Bil.

Reven og Skrubben og Bjønnen var der mykje Svæur um. Og ingenting var so morosamt som aa høyre Folk fortelje um dei. Skrubben var komen burt, daa eg voks upp;. men ein 10—20 Aar fyri mi Tid ha den vori fæl, etter som dei rødde. Bjønnen høyrde me um, rett som de var, og av og til maatte den bite i Bakken for Byrsekula hans Eilev. De var Guten sin te fortelje Bjønnesogur han Eilev, men han laug no visst de halve. De meinte no Far. Eg lyfte eigong paa ein daud Bjønn, dei kom dragande heim or Skogen med. Men hu, so vond Tev der stod av han. Eg maatte ifraa, so fort eg kunde. Me ha eigong ein Stut, som frelste Buskapen for Bjønnen. Hjuringen gjætte med Teildeskar nord i Enden av Beite, daa

Bjonnen kom luffande mitt inni millom Buskapen. Dei krudde seg rundt Hjuringjenta, og ho til aa skrike. Bjonnen saag 'kje ut til aa bry seg um hennar de mindste. Men so kom Stuten. Han ha gjenge burt i Lidi eit Stykkje, og de saag ut til, han forsto noko gale var paaferde. Daa han veira Bjønnen, ryk han paa med ein Bur og ei Beljing. Men daa bia 'kje Bjønnen lengje. Han luffa avstad yvi Stokk og Stein og Stuten etter. Hjuringen samla Buskapen og drog heim, so fort ho kunde og fortalde um Bjønnen. Eg og Far og Bror min sprang avstad tilskogs for aa sjaa, um me kunde finne att Stuten. Me trudde helst han var ihelslegen. Men me var 'kje komne langt upp i Marki, fyrr me møtte han; men daa var han ikkje grei. Han belja og grov i Mauretuvune, og stanga hott han saag. Han var 'kje fri for aa vera mannvond, og eg torde alli gaa mot han aaleine. Men naar me var tri med svære Svolkar, var eg ikkje rædd. Me fekk no Stuten fyri konn, og nok so byrg gjekk han, som han vilde seia: Her er Guten sin her, som inkje er rædd Bjønnen.

Han Bamse Brakar er so sterk, at de er kje rart, der stend Agi av han. Eg saag tidt Verur etter han i Mark og Skog. Eit Tak, som visar Styrken hans, saag eg, og de skal eg fortelje um.

Paa Landsverk ha der daua ei Kjyr, som dei drog ut i eit Kjønnfly. Men Kjyri fekk 'kje liggje lengje der. Notti etter kom Bjønnen og drog den store Kræturskrotten ut or Kjønnflye. Den laag i djupt Vatten og Møre. Men Bjønnen fekk den upp. Og so bar han den daue Kjyri i Framlabbane upp yvi ein Aas, der han aat ho upp. Eg var der nokre Dagar etterpaa og saag, der han ha gjengje. De syntest Merkje etter Kloane og Labbane, der han ha fare og rive av Mosatorvune uppyve Uffsine. De er 'kje Under,

dei talar um Bjønnemagt. Eg var mykje med Far i Skog og Mark og arbeide med Timber, daa eg voks upp. Han hoggje, og eg kasa, d. e. kjøyrde de i Hake ned til Vatne, der Merkjaren kom og kaupte de. Eg var visst ikkje over ein 10 Aar, daa eg fyst gjorde slikt Arbeid. Men so ha eg ein liten god Hest, som ha likso mykje Vit som eg, hell kanskje meir. Eg minnest den Gong, Far kom med'n fraa Aamyri, der han ha kaupt'n av „Normennane". De var ein liten blakk ein med de eine Dyrae avstynt, og so var de gjort eit djupt Skar i de. De var eit Merkje dei ha gjeve han, daa han gjekk utpaa Dyane, sa Far. Eg var harm, for de Dyrae var avstytt, for de gjorde so mykje, at dei andre Gutane kalla han „Tulla", og de lika eg ikkje, kann du vita. Eg voks upp med Blakken. Me var altid Felagar og gode Bussar. Eg kjøyrde Myk, og eg arda og horva med han og bruka han i all Slags Kjøyring. Men best var han, daa eg kasa Timber. Eg fekk han te gange allestad, der de ikkje var for blaut. I Ulende og Urdir gjekk han som ei Gjeit. Han synteste aa vita likso godt som eg, hori han skulde fara. Stod Stokken fast, so venta han paa meg. Var eg ikkje istand te løyse den, slo eg Haken or og let den liggje, til Far kom, og tok so istaden ein annen Stokk. Far totte de var utruleg, so mykje eg og Blakken kunde gjera um Dagen. Eigong gjekk de rart til: Eg kasa Timber med Mørkeløk. So kom eg til aa kjøyre ein Stokk noko langt ut i Vatne, so eg maatte vasse uti og slaa or Haken. Eg ha slengt Taumane yvi Ryggen paa Hesten, og der gaadde eg 'kje aat, for han la paa Saame. Eg hekt i Hakareie og vilde 'kje sleppe, og so saamde han yvi med meg til den andre Sida. Løken var baade djup og breid, der me so'r yvi, og de var held ei kaldvori Laug eg fekk. De var de einaste Spikk Blakken gjorde meg. Hott de var,

som skaut i han, veit eg 'kje. Han vilde vel yvi til Støylen, der me brukte aa vera um Sumaren, og so var han vane til, at eg reid han paa Saame stundom, daa Løken var stor. Den fyste Sorg eg fekk, var daa Blakken daua. Me ha gjort Vaaronni, og han ha gjort sit Arbeid som vanlegt og var i god Stand. So skulde ein Husmann faa laane han ein Dag aa brjote upp ein Akerlepp med. Eg var med. Men daa me ha brote eitpar Forir, seig Blakken daud ned. Eg stod som Gudane, daa Balder var fallen. Eg saag paa Halvor og paa Blakken og fekk ikkje fram eit Ord. So tok eg avstad med Graaten i Halsen etter Far. Han stod i Aai aa flota Timber. Eg maatte langt nord i Dalen, fyrr eg fann han, og eg sprang beint ut paa Timbersoppa til han og fortaalde, at Blakken var daud. Er han de, sa Far. Han syntes visst ikkje de var so vigtigt; so sa han, eg skulde iland att av Timbersoppa. Der var faarlegt aa fluge der for meg, sa han. Nei, at Far kunde taka de so rolegt med Blakken, de kunde eg ikkje forstaa.

Far ha mange Arbeidsfolk aa sjaa etter, daa han ha Flotingi, dreiv Aai som me kalla de. Der hendte ei Ulykke ein Vaar, som volde Far ei verre Sorg, hell den eg fekk for Blakken. De var ein av Aakarane, som bleiv. Eg og mange med meg saag paa de. Me sat nedpaa Bakkane ein Morgo, daa Dammen kom. De var altid noko me maatte sjaa paa. De saag øgjeleg ut; naar Timbersoppune sprang og kom med Dunder og Brak ned gjenom Aadalen, so de totteſt riſte i Jordi. Aai auka og voks, so ho gjekk gul og kvit. Stokkane dansa og tumla um kvorandre, reiſte seg paa ende i Fosshoggi og var burte ei Stund, kjem so upp atter og sigler avstad. Aai var vorti til en Jotun hell ei Gjyver.

So var de den Morgonen, Ulykka var ute. Ein av

Nakaranne braut paa nokre Stokkar, som ha lagt seg mot eit Berg. Han skulde passe paa, at der ikkje la seg noko Soppe. So gaadde me 'kje aat, fyrr han laag i Aai og rok utover ein Hyl. Han sette den lange Hakastongi upp og ned i Vatne, og me saag han, heilt til han for utyvi Fossen med Kvennedammen. Daa vart han burte. Me sprang ned igjenom Dalen langs Aai, og eg totte stundom, eg saag som noko svart, som velte seg i Vatne, som eit Klæplagg hell noko slikt. Dei fann han att, daa Dammen var stengd um Kvellen, uti Gape, der Aai renn ut i Oftevatten. Der laag han og skein paa Botten aldeles naken. Eg gløymer alli, daa dei kom kjøyrande med han og skulde heim til Husmanshytta, der den gamle Mor hans og Kjering og Ungar sat.

Sea var de meir hell eigong, naar eg stod og saag paa Aai, naar Dammen gjekk, at de kunde grysje i meg. Eg totte eg saag noko, som rok og velte seg i Vatne som eit Klæplagg hell noko slikt. Gud hjelpe meg, skulde de vera Far, tenkte eg, og eg stod, som eg skulde sige i Jordi.

Vaaren kom som ein Foss der heime. Her i Lande er de ingen Vaar. Den friske, kalde Vinter fell burt litt etter litt, som han skulde døy av Tæring. Han gjer berre som nokre Spenn av og til. Slik var de ikke heime. Der var Vetteren i sit fulle Velde heilt ut i April, men so kom Vaaren med Sus og Brus. Den djupe Snjoen vart blaut og sokk ihop um Dagen, fraus til hard Skare um Notti, blautna att og rann burt, fyrr ein viste av. Bekkir og Aar fysste og fløymde. De taana og taana uppyvi Bakkane. Der de var logni og varmt, kom Grase fram, Knuppane spratt og laga seg til Lauv. Men i Bakhalline laag Snjoen djup endaa. I denne Tid var de tidt, at Fore tok ende og Vaarknipa kom inni Fjose. So maatte me ut

aa Mosa paa Rutane. Me drog ut tidleg um Morgonen paa Skaren og kom heimatt ut paa Dagen med store Sekkir av Mose. De var Moro, men spelegt var de au mangei Gong, um du gjekk utpaa, der de var høge Fjellveggir og vaaga deg for langt utpaa Glupen etter Mosen. Aa so all den Kvoda me daa fann paa Heimvegen nedigjenom Graanliane. Høgst uppi Liane mot Vealoysa var Kvoda best. Av Mosen gjorde dei Toysur, og Kjyrne aat den godt. Fekk dei noko Høy og anna Ruskeri ataat, so var de ingi Naud. Aa so var der Nøgdi av Bjorkeris ataat.

Men de var sjella lengje, Vaarknipa varde. Vaaren kom so fort. Gauken gol, fyrr me viste av de. Snart kunde me sleppe Fenoren ut og ei Stund etter Kjyrne. So maatte eg-te gjæte. De var 'kje altid so gildt. Sauine var verst aa passe paa. Men stundom var de Moro. Naar de leid utpaa, so Vere og Vatne vart varmt, skulde Sauine vaskast og klyppast. Eg minnest eigong eg var med Mor og gjætte, daa me vaska Sauine ein Dag. Me heldt til i ein Løk paa ein av Støylane. Der var ein annen Gutunge med. Me tok Sauine aa bar dei ut i Vatne og vaska og tvo, so dei vart kvite aa fine i Ulli. Men ein stor Bokaar orka me 'kje faa uti. Han sette seg imot aa ville stange. So lokka me han med Salt og fekk han ut paa Torva. So ville eg renne til aa puffe han ut i Vatne. Men Bokaaren skvatt unda han, og eg rende paa Hovue ut i Løken. Eg kom heilt under Torva; men upp atter kom eg og stod og saup etter Teve. Mor var baade vond og lo aat meg. Men eg var vond paa Veiren og lova, han skulde hava de att.

I tolv Vikur um Vetteren ha me Skule. De var Umgangsskule utlikna i Dagar paa Gardane. De var fyri, de kom Skulehus i Bygdi. Noko svært Utstyr med Læremidlar hoyrde ikkje til Skulen dengong. De var 'kje meir,

hell de kunde pakkaſt ned i eit Skrin, ſom de var ſnart aa bera paa Ryggen. Men ſo gildt ſom de var i Skulen! Ski hadde me alle Gutane og mange av Jentune med. Og du kan tru, me kunde bruke dei. Me gjorde konn Renne og Hopp alleſtad utyvi Berg og Uffſir og av høge Hustak, berre der var Undarenne.

Me hadde ein Lærar, ſom me var ſvært glade i, og eg gløymer alli, kor gjildt de var, naar han kom. Og ikkje ſo lite var de, me lærde hell. Eg minneſt godt, kor fort Umkverven av mine Kunnſkapar og Fyreſtillingar vidka ſeg ut. De eg kjende til Storheimen fyri den Tid, var de Far og andre rødde um, fraa de dei hadde leſe i „Almuevennen", ſom var de einaſte Blad, ſom fanns i Bygdi. Og etter dette gjorde eg meg upp mine Meiningar um dei ymſe Land og Rikje, eg høyrde um: Rusland laag auſtafor Oftefjøll. England var ei fin Bygd, ſom laag noko lenger ſud. Frankrike og Tyſkland laag lenger veſt, og Tyrkiet laag burtafor Vehuskjeringi. Øſterrike laag lengſt auſt av alle. Sultanen var megtigare hell baade Kongar og Keiſarar; men han var ein Filleſekk, meſt likſo ille ſom Paven i Rom. Men Paven var viſt Baſen, for han ha ſo fælt eit Skjegg. Og ſo var alle Folk vonde paa han. De var rart, at ingen ſlo han ihel, totte eg.

Paa denne Maaten gjorde eg meg mine eigne Tankar um alt, eg høyrde. Og mange Vakſne var de viſt, ſom ikkje viſte ſo ſvært mykje hell. Eg hugſar ein gamal Kall, ſom fortaalde Far, at han ha høyrt, at Spanjolen vilde koma paa vaar Kong' til Vaaren. Nokre Aar ſeinare var de ei Utmanjente, ſom kom ned fraa Fjølli um Hauſten og ſpurde etter, um me viſte, kor dei var dei tyſke Franſane, ſom var ſo ſlemme te „dræpa" Folk. „Gud hjølpe oſs, kjem dei til Bohæra", ſa ho. Krigen millom Frankrike og

Tyskland var broten ut um Sumaren, og de var den, ho ha høyrt um.

Eg hadde ikkje gjengje lengje i Skulen, fyrr eg hadde god Greie paa korleis alle Landi laag. Skulelæraren let oss sjaa i Atlasse sit, og der var de so tydelegt alt saman. Eg vart so klok i Jordkunna, at eg disputerte med gamle Tormod, som trekste for oss, um at Jordi gjekk, og Soli stod still. Han vilde ikkje vita av denne Læra, Tormod.

Me ha netup fengje Jensens Lesebok, daa eg kom i Skulen. De gjildaste, eg viste, var aa lesa dei livlége Skildringane um Dyri og Fuglane i dei store Skogane og paa Hogfjolli. Aa so Forteljingane fraa Noregs Soga. Aa eg las etter kvart meir av dette, hell de som stod i Lesebokí. Dei gamle Nordmennane, de var Gutar de. Dei jula upp mest kven dei møtte. De var berre i Svolderslage, dei rauk. Men der var dei for faa, og so var der Nordmennar blandt Fienden. Jau aa so rauk dei ved Standfordbrui i England au. De var de tregalegaste, eg viste, at dei skulde tapa der. Ajei, tru dei ha vore noko sterkare aa vunne dengong! Ha eg vore med, eg ha vist silt gjort, de eg ha kunna. Men Stiklestadslagje var de merkjelegaste likevel; der laag likjom so rar ein Daam yvi de. De var som eit Ragnarok.

Eg totte mest, dei fortente de, dei fekk, dei Kongane, som innførde Kristendomen. De var mykje meir te Karar dei gamle Asadyrkarane hell dei Prestane og Munkane, Olav kom med. Eg var igrunnen ein liten Asadyrkare sjølv. Noko gjildare hell aa lesa um dei gamle Gudane, um Tor og Jøtunane og alt de, som høyrer med i den norske Gudeheimen, viste eg ikkje. Eg viste nok, de var 'kje sant. Men de var ikkje vist, um de var sant, de Olav innførde hell. De var tidt, den Tanken kom, daa eg høyrde Læraren la ut

um dei kristelege Trudomane, at de var Prestane, som ha funne de upp. De var 'kje vist hott d e i kunde finne paa, tenkte eg; de var mangt, som saag so krokut ut.

Aa so var de 'kje de mindste Moro aa lesa um. De gjekk endaa an med Bibelhistorien; den var snar aa lære; men Forklaringi, hu meg for Prestepine! Aa so alt dette um Syndi, som eg skjemdest for aa tala um. Hendte de seg, at ein Lesare tala til meg um sligt, eg syntest, de var so leidt, at eg viste ikkje, hott eg skulde svara.

De laag ikkje for meg aa tenkje paa slikt. Nei men Eventyri! de var noko, som leika i Hugen de. Aa likeins dei gamle Sogur um Gudar og Jøtunar, som vist er Upphave til mange av vaare Eventyr. Naar dei ikkje fekk Lov til aa nevne Tor lenger, so var de St. Olav, som slost med Trolli. Aa naar de ikkje lenger var rett aa tru paa St. Olav hell, so var de ein urædd Gut, som gav seg ikast med dei. Bergetrolli, dei maatte me hava. Dei hoyrde med til den norske Natur. De var so Moro aa høyre um dei, og um me ikkje so plent trudde paa dei, so innbilla me oss, at dei gjekk aa labba Nutemillom der upp i Heidi i Tokumyrker og Tussmyrker. Men for de meste sat dei dosa iro inni Nutane sine og berre av og til ropa til hinannen. Dei var fælt styvne og stundom gode i seg; men ellest var dei nok vonde paa Folk og leie nok, naar dei fekk Tak. Aa so store og stygge var dei, at de var kulselegt.

De var helst Gjyvrir (Jøtunkvende) som var i Nutane i Telemarki. Skomegjyvri heiter ho i dei gamle Kvædi, fordi ho saag so skomeleg ut, og skomt var de, der ho var. „Nasane ha ho som Nautefjose og Augo som Tjonn unde Lide.“ Aasmund Frægdegjæva fer nordi Trollebotten og hentar Kongsdotri og slær ihel Skomegjyvri. Kappen Illhugin sokkjer ned Jorun Joklekaapa i Jønbaaten sin. Hermod

unge drep Gjyvremori med henar atten Maagar og kjem heimatt med den venaste Jomfru. Steinfin Fefinson skaut Skomesjessa og alle Smaatrolli. Altid er de ei Kongsdotter, de gjeld um aa frelse. So er de Kvæde um Tor med tungum Hamri og Torgjerd Hukebrur, Sigurd Svein, Raamund unge, Fraanar Ormen, Ormaalen unge, Kvikispraak Hermodson og mange fleire. De var 'kje so mange, som kunde mykje av disse Kvædi, daa eg voks upp. Den likaste Visekvedaren i Bygdi daa var Storetull Langetaa. Han kunde mykje av dei. Dei kalla han slik, avdi han var so rik paa Tonar og so god te tulle Slaattir, og so ha han ei Taa, som var 6 Tomar lang. Denne hoggje han av seg, og av de vart han helselaus og maatte tilslut fara rundt som Springfoddog.

Minne um Tor, som var den upphavelege Banemann for Troll og Jotunar og Gjyvrir, er ikkje heiltup avgloymd i Folkesegni enno. Inmed Ljosdalvatne, der eg dreiv og fiska so mykje, daa eg voks upp, var der ein Nut, som het Gjyvretak. Paa ein Bergvegg der i Nuten synte der seg likfsom etter Nos og Augur, og so var der som eit Tak etter Hændar, heiltup som ei Haank i Bergje. De var Taki etter Gjyvri. Ho kom fraa Rausinutane og vilde yvi til Gjyvretak. So steig ho paa ein Nut mit i Vatne; men den seig ned med henne, so der er att berre ein Holme no, og so stupa ho og tok-seg burt i Gjyvretak. Andre seier, at Holmen er Bakenden av Gjyvri, som sting upp or Vatne. Tor slo te ho med Torebolten sin, so Ryggjen gjekk av, og daa ho seig ned i Vatne, tok ho seg inni Bergveggjen med Hændane.

Inmed Gjyvretak er der eit Saat, som dei kallar Lang-Olav Saate, fordi Lang-Olav sat der so mykje aa fiska. De er han, som Steve er um:

Lang-Olav var ein Gaste Gut,
Reint ein Vaae aa kalle,
Tjuge Sonir han ala upp,
Heluvar var dei alle.

Han var so god te fiske. Han kunde baade Fiskeboni og mange Slags Trolling, den Sellen, og Fisk fekk han, naar han vilde. Der er ei Segn um han, at han sat aa fiska der paa Saate ein Dag i Haaballe. So vart de so lumre og varmt og Fisken slutta aa bite. Han gjorde upp ein Varme og steikte Fisk, so tok han Skreppa si og sette seg te eta. Best han sat aa aat, tok de te bonke seg aa slaa Tora. Daa han saag seg umkring, vart han vare eit lite Baan, som gjekk aa ussa i Lyngi. Baane var nakje og so lite var de, og so spyr de, um de maa ned i Sliri hans. Daa skyna han, de var ein Trollungi og tok og sette Niven i Sliri. Maa eg 'kje inni Varmen din hell, sa de og laga seg te graate. Nei, de maa du visst ikkje, sa Olav, tok Skreppa si og flutte seg ifraa. Daa smaug Baane under Rotane paa ei stor Graan. Men daa kom de ein Toresmell so ogjeleg, at de totteste rivne i Berg og Aasar. Tora slo ned i Graani og flisa ho upp fraa Toppen til Roti. Daa var Lang-Olav glad, at han ikkje tok seg av Trollungjen.

Kvar Vaar litt fyri Jonsok kom Utmennane og dreiv tilfjolls med Buskapane sine. De var Driftir ei halv eng. Mil lange og over. Fyri gjekk ei Utmanjente og lokka, so de ljoma gjenom Dalen. Stundom sat ho paa eit Forings-lass og gjorde baade kjøyrde og lokka. For de meste var de two Jentur og eitpar Gutar som gjekk etter og dreiv. Men altid var de Karfolk med, som kjøyrde Lass. Jentune ha stutte, vide Stakkar, stutte Ovaliv og ein breid Linde kring Live. Der var mykje Stas med Kant og Saum og Skjertar paa dei stutte Troiune. De var Jentur, som

lyste baade uppe og nede. Paa Skone var der Stas, men mest paa Leggine. Sokkeleggine var av Vadmaal og utsauma med Rosur, so dei lyste lang Veg. Karane var au not so staselege. Kvite Jakkur med Sylvknappar og Skjertar og Baand og Listar etter Butsurne. Slik var Utmennane.

De næraste Driftebeite var Tykve paa Austsida av Rausinutane. Dit var eg med og dreiv eigong. Eg var berre ein Gutungi, men lett paa Foten og god te drive Kræturi. Stoylsbudine, Seli, ligg heilt upp imot Bealoysa, og Rausinutane heng uppyvi, so ein kunde tenkje, at her var sjølve Heimen aat Skomegjyvri. Desse Nutane ligg etter hinannen i ei lang Rekkje, sjau aatte ialt, med djupe Skar imillom. Me kom uppaa Tykve frampaa Ettermiddagen. De ha vore lumre og varmt um Dagen. No tok de til aa bonke seg aa slaa Tora. De kom trekkjande inn imillom Nutane, og vart so myrkt som i Skomeheimen av Gjyvri. Me noytte konn og fekk av Klyvjane og bar inn i Sele. So maatte Jentune til aa molke. Der var gjildt Beite, men Kjyrne var, som dei var rædde Uvere og krulla seg rundt Sele. De tok til aa rigne so ogjeleg og slo Tora, so eg trudde Nutane skulde dette ned. Eg hev alli hoyrt slik Toreslag korkje fyrr hell sea. Eg var rædd eg, og de var den yngre av Jentune med. Men den eldre, ei gomol Budeie, ho var stod av seg. Ho sa berre de ho, at de var godt for Trolli. Eg ha æsla meg heimatt um Kvellen; men no var eg glad, eg gav meg til. So drakk eg, alt eg orka, av nysila Mjølk, og so aat me Havreleffe og Smør og Spikefjøt, og so kraup eg av under Fellen.



Olaf O. Vinje.

Me er so heldige, at me hev fengje eit Bilæte for Tele-soga av Olaf O. Vinje, som bur i Town of St. Olaf, Otter Tail Co., Minn. Han er ein yngre Halvbror av Diktaren Aasmund Vinje, eit Navn, som er kjendt so vidt, som dei syng norske Songir og talar norsk Maal. Daa me skulde til aa gjeva ut dette Hefte, bad eg Olaf Vinje, um han vilde fortelje meg litt um, hossi han hade vandra her i Verdi, for at eg kunde skrive ei Biografi, som de heiter. Og her er de. Eg skal gjeva de att, plent som han sa de, fordi de er noko so sermerkt ved hans Maate aa fortelje paa.

„Eg var fødd i Plassestoga, den Stoga, som no er Bygdi sin Eignelut og skal stande der til ævelegt Minne etter han Aasmund. De var um Hausten 1832, eg „kom til denne syndige Verden", som der stod skrive i den gamle, no uppbrende Bibelen. Eg fekk i Uppvokstren all den Mat og Drikke og Klæi, eg turvte. Eg begjønda aa lesa, sa dei, daa eg var 4 Aar, og alle i Huslyden lærde meg. Den fyste Skulemeistaren min var Aasmund i 1840. Der var 24 Dagars Skule um Aare i Vinjegrænni; men me ha mest ikkje Skule aa reikne for somе Aar. Men so vart Olaf Fetveit Lærare i „den faste Skulen", og Vinjegardane vart lagde dit. Han var utlærd med Asker og ha Evne og Vilje til aa lære ifraa seg. Mykje av Tidi um Sumaren jætte eg, og so var eg med Far aa siska, og um Vetren drap me Rjupur, og de vingla eiñ Storfugl, og helleſt alt eg kom av med aa gjera. Og so hjelpte eg Mor mi. Ho var heller veikhelsa, so ho kunde ikkje jamt gjera sit Arbeid aaleine. Naar so Margit var burte paa Teneste, laut eg paa Støylen aa mokke, kjinne, yste og jæte. Daa eg var Vemir med Kjeringi og Jentune i Uppistog, gjorde me Arbeidsbyte. Eg truste og var med aa flutte Grindi for dei, og dei tvo Silings- og Mjaakkoppane mine, og me var tente med de baae.

Daa eg var vel 17 Aar reiste eg til Lærarskulen i Kvitseid, og der var eg ialt 24 Vikur, og so var eg god nok til Lærare, sa dei, og eg fekk „meget godt" i Vitnesmaali deira. Daa eg kom heimatt fraa Skulen, vart eg „ansatt" som Lærare i Skuleroten Eddand, Haukeli, Jeslois, Havredalen, Bordalen, Voksli og Botten. De var Nyaar 1851. Eg heldt Skule berre i Eddand og Haukeli, og daa eg um Sumaren var færdig, gjekk eg til Presten vaar, Smitt, med Protokollen og gav den fraa meg. Han vilde,

eg ſille hava denne Poſten; men eg vilde 'kje, og daa eg ſpurde han um ein annen Poſt, ſa han nei. So laut eg ut. Med de ſame eg ha ſtai Examen fraa Lærarſkulen, baud Folkeſtad, ſom var Cenſor, meg ein Poſt i Kvitseid. Eg ſkreiv til han og ſpurde, um den Skulen, han baud meg, var aa faa. Han ſa, den var, og at eg var velkommen. Eg turvte 'kje flytja mykje der. Eg var 4 Vikur hjaa Preſten, 7 Vikur hjaa Lensmannen, 2 Vikur hjaa Futen og 2 Vikur paa Skarperud. Aa ſo mykje Bøkar eg ſann! Store Skaap og Hyllune fulle av Bøkar, og eg ha fritt Loyve til aa bruke dei. De var 'kje ſom heime, der ein laut gange lange Vegir for aa laane ei Bok og endaa beda ſeg til hena. Eg regtigt „fraadſa" i Leſna av alle Slag. Eg lærde mykje godt og gagnlegt; men eg lærde au noko, eg ſille 'kje hava lært. Eg byrja aa tvila paa den Gudstru, ſom eg ha vore lærd av Skulemeiſtar, Preſt, Seminarlærar og i Heimen. Eg ſann ut med meg ſjav, at eg dugde 'kje til aa lære fraa meg ei Gudstru, ſom eg ikkje ha ſjav, og daa eg ha vori Lærar der i tvo Aar, ſa eg fraa meg den gode Røten. Og ſo kom de ataat: berre 15 Spdlr. for 24 Vikurs Arbeid, aa ſo Umbyte med Koſt, med Arbeid og med mykje og mangt. Eg og Aasmund var ſamde um, at de var betre aa tene vaart Livebraud paa ein annen Maati. Eg reiſte etter hans Raad til ein mekaniſk Verkſtad i Chriſtiania. Der kunde ein faa bruke baa Hovu og Hændar, um ein ha Evne til de, ſa han. De gjekk godt i 5 Vikur; men ſo vart eg ſjuk. Eg ha Gulſott, og Dr. Boeck ſa, at Fjøllgut, ſom eg var, tolde eg 'kje Byens Luft og Byens Mat, og at de var rettaſte eg ſtrauk heimatt. Inkje lika Aasmund detti og inkje eg; men de vart no ſo, at eg kom heimatt um Hauſten veik og hugſaar. Men eg ſtyrkna ſnart i Kropp og Saal og kom att i ſame Moddune. Den

religiose Gjæring ha regga seg, og Kveiki ha lagt seg paa Botnen og ligge der den Dag idag.

Litt under Jol fekk eg Brev fraa Dr. Bakke i Laardal, og i de spurde han meg, um eg vilde vera Huslærar hjaa han. De var for tvo Gutar og tvo Jentur, og eg tok mot Tilboi. Eg var der i 1½ Aar og lærde der mangt godt baadi av Bokar og Umgjengi. Tri av dei storste reiste daa heimifraa paa hægre Skular. Same Aare um Hausten skreiv Lensmann Blom i Kvitseid etter meg, og eg vart Huslærar hjaa honom. Eg ha de der godt paa mange Maatar, stræva med Skulen, las og arbeidde, alt eg kunde. Blom var ein utifraa snill Mann.

So kom Aasmund heim um Hausten 1857 og kom til Nes's der eg var. Me rødde um eit og anna. So sa han: Eg skjynar, av de eg hoyrer og ser, at du steller deg so, at Folk likar deg, og de er godt og væl. Men der er ingi Framtidsvon i dit Arbeid. Eg maatte sanne detti. Daa han so reiste atte, skjuldest me med de, at han skille tinge meg ein Plass som Læregut i eit Olbryggjeri i Kristian'. Dette fekk han ikkje; men eg kom til ein norsk Bryggjare paa Charlottenberg ei halv Mil inni Sverike. Eg skulde vera der eit Aar og bitala 300 Spdlr. for Læra og 50 Spdlr. for aa gjera Malt. Eg aatte 8 Spdlr. i Lomma, naar eg kom dit. Eg ha vore der 11 Maanar, so fekk Læraren min ein betre Forteneste og eg fekk Plassen eller han. Eg var der i 12 Aar til 1870, daa eg sa upp.

I 1866 kaupte eg Garden Kabberud ½ Mil fraa Kongsvinger By og Festning, og so flutte eg dit med Krullen min. Eg vart gift i 1864 med ei Jente paa Eidsskogen. Aasmund var hjaa meg mange Gongir, daa eg var i Sverike. Eg forde i Pennen fleire Stykkje av Storegut og Ferdaminni, daa han lika aa sleppe skrive.

Daa eg fekk Garden, vart eg mynduge, so eg kunde vera med i Smaatt og Stort; og eg var med. Dei Aar eg var i Vinger Sokn, gjekk eg gjenom alle „Grader" av Bygdarstell, fraa Botnen til Toppen. Fraa eg var berre Gutungjen og til no, hev eg havt Moro av aa vera med; men de var lengi fyrr eg kom so langt, og de var um aa taka Monen atter. I 1880 rotte Tankjen seg um aa fara til Amerika. Baanekrullen auka, Skattane steig, og Usemja i Landsstyre soulna. Men de eg heve nevnt fyst og mest, og Hausten 1881 drog eg og eldste Sonen hit. Lyden henta eg Aare etter. De var vondt aa rive seg laus og slite av so mange Baand, som heldt meg til Lande, men Baaneelskjen er no den storste. Eg hev alli trega paa Flutningi."

So langt hev Olaf Vinje sjølv gjeve meg sin Biografi. Eg fær leggje til noko av min Kjennskap til han her i Lande. Eg hev so tidt kome til Mr. og Mrs. Vinjes gjestfrie Heim og altid vore væl fagna. Jamt totte eg, Tidi gjekk so reint for fort, naar eg var der, for de var støtt so mykje aa roda um av nytt og gamalt. De er hugsamt aa sjaa ein Farm, som er so uppdyrka og velstelt som Vinjes. Den ligg so vakkert millom nokre smaa Indsjoar. Men so hev han au lagt mykje Arbeid paa den, de visar Steinrøysane han hev lagt ned langs Strendane mangestad. Ein stor Skoglund av mangeslags Tre hev han planta rundt Husi og nedunder Bakken ein stor Hage med Aplar og andre Bertre og Buskar. Hans Hug hev altid vore aa dyrke Jordi. Naar han vart Olbryggjar, var de for aa faa Pengar nok til aa faa seg ein Gard og bli ein sjølvstendug Bonde. Her hev han grott fast paa den Farmen, han kaupte, daa han kom hit, og ikkje som so mange andre flakka og flutt snart hit og snart dit. Her hev han uppfostra elleve Born for Sam-

funde og styrt dei ut med god nyttig Lærdom. Han hev altid fylgt godt med i alt offentlegt Styr og Stell og reffa Politikarane nokso hensynslaust, der han trur, dei hev vore nærlege. Eg hev altid lika aa lesa, de han skriv, um eg ikkje altid kan vera einig med han. De er altid godt sagt, de han kjem med. Han likjest paa Bror sin i aa vera ordhag, baade naar han skriv og i Røda. No fortidi er han Kassestyrar for Towne, Direktør i Farmarelevatoren og County-Korrespondent for the Agriculture Department i Washington.

Rikard Berge hev sendt meg eitpar Brev fraa Olav Trovaten, som han skreiv heim til Kjenningar i Dyfjøll i 1842. De er merkjelege Brev og mykje verde for Telesoga. Me skal taka dei inn i eit seinare Hefte. Berge seier de, at Olav Trovaten var ein av dei alra fyste Telemarkingar, som kom til Amerika. Han trur, han kom her so tidleg som i 1836. Men den, som kom fyst av alle, seier han, var ein dei kalla „Knut Amerika". Han var fraa Hadlandsgrønni paa Rauland og Bror til B. Aslakson, som var i Krigen og hev skrive Boki um sit „10 Maaneders Ophold i Andersonville." Er dette so, so var altso ikkje Tinndølane dei fyste. I de siste Brev, eg hev fraa Rikard Berge, fortel han meir um Draape av Joseph Smith. Han seier, der kom eit Amerikabrev heim til Kostveit, som fortaalde um, at Hallvord Kostveit skaut Joseph Smith med same, han vilde springe ut gjenom Glase.

Folkevisur.

At der her i Lande skulde finnast gamle norske Folkevisur, som var ukjende, de var noko eg ikkje ha tenkt meg, fyrr eg kom til Olav Tortveit og fekk høyre han kveda gamle Visur. Der hev fare so mange Samlarar gjenom Telemork aa skrive upp Visur og mangt anna, at ein skulde tru, at alt slikt var longe funne og uppskrive; men de er fulla ikkje so. Rikard Berge, som no er den hævaste Samlaren i Heimbygdine og vonleg kjenner alle Samlingar, seier at Visune eg hev fengje hjaa Tortveit er systehaands.

Me hev Rom berre for eitpar av dei i dette Hefte; men der skal bli fleire sea. Tonane vilde havt sit Verd so vel som Visune; men der var ingen til aa skrive dei ned, og no er Olav Tortveit avliden, og ingen veit eg no, som kann kveda dei.

Svegder.

De var ungan Svegder,
tok han til aa kalle
so hart paa sæle moer si,
at de høyrdest i hougar alle.
Du talar dei ori væl.

Kven er den meg vekkjer
aa brukar slike or,
at eg maa ikkje liggje i fre
under den svarte jor.

De er ungan Svegder,
alletjæraste sonen din,
han ville so gjønni hava gott raa
av kjære moeri sin.

Ég hev fengje ei sjukmor,
ho vil for min lagna raa,
aa ho hev lagt meg runir paa
for den eg alli saag.

Aa eg ska gjeva deg snekkja,
aa den ska vera deg go,
ho løype so lett paa den grønan eng
som ut paa den villan fjor.

Aa eg ska gjeva deg folen,
aa den ska bera deg fram,
han løype so lett paa den villan fjor
som paa den grønan eng.

Aa eg ska gjeva deg dukjen
er gjord av aaker-ull;
all den mat, du ynskjer deg,
ska stande paa bore full.

Aa eg skal gjeva deg dyre honn,
dei ero lagde med gull;
all den drykk, du ynskjer deg,
ska standa for deg full.

Aa eg ska gjeva deg svære,
dei kallar for dvergemaal;
naar du gjeng i den villan skog,
de lyser for deg som eit baal.

Me de ska du uvette vega,
som du møter i høgd og lægd;
me de ska du runir døyve
og vinne deg fe og frægd.

Aa naar du den møyi møter,
som lagd er i langan traa,
daa vert du kje svikjen, kjær sonen min,
av sjukmor sitt vonde raa.

So gjenge du deg aat bure
aa ræddaſt kje nokon ting;
er du den rette Svegder,
ſo gjenge du hugheilt inn.
Du talar dei ori væl.

Um Viſa um Svegder er heil er uviſt. Viſekvedaren ſa, han trudde der var burte noko.

Førnesbronen.

Svartedouen for laand aa ſtraand
aa ſopa ſo mangei tilje.
De vi eg no for ſanno tru,
de var kje mæ Herrens vilje.
Hjelpe oſs Gud aa Maria møy,
frels oſs alle av illi.

I alle bygdir ho herja ſtygt
aa øydde alle ſlags yrkje,
men paa Møſtraand var noni alleverſt,
der fekk dei kje liki te kyrkje.
Hjelpe oſs Gud aa Maria møy
aa gjev oſs alle ſtyrkje.

Daa gjore Gud eit under ſtort,
han ſtyrde ein heſt yvi hei'i
mæ liki paa ſleen te Rauland fram,
aa alli han miſte lei'i.
Hjelpe oſs Gud aa Maria møy
aa tru ſom gudſaal*) ſeie.

Førnesbronen, den heſten het,
ſo vitt ſom ſegni hev fari,
han drog ſo mange den ſiſte fær,

*) Gamalnorſk gudſpjaal, gospel.

naar fraa heimen dei for av gare.
Hjelpe oſs Gud aa Maria møy
aa taka oſs væl ivari.

Men ſo ſkulle de eigong hende ſeg
der uppaa den haage hei'i,
at trugabaandi av bronen braſt
der fonni ligg djup' aa brei'e.
Hjelpe oſs Gud aa Maria møy
aa finne den rette lei'i.

Daa hneggja bronen ſo høgt aa hart
aa kalla paa mannahaandi,
aa alle viſte, han var i nou,
daa hei høyrde han heim paa Straandi.
Hjelpe oſs Gud aa Maria møy
aa frels oſs av all vaandi.

So fekk han hjelp aa fram han kom
aa vart fora mæ gron aa høy.
Men daa han ha ſeinſte venda gjort,
Daa la han ſeg ne te døy.
Hjelpe oſs Gud aa Jeſum Kriſt
aa fara fraa heimſens øy.

Til Telemork.

Aa kunde eg fara til Telemork
aa liva ei ſumarsſtund.
Der gror det rølik paa ſtovetak
og ſongar paa folkemunn.
Til Telemork dit ſtend mi traa,
til Gauſtadfjell og til Vinjegjeld,
til Rjukan ſval og til Morgedal,
til ſumars ſo fær me ſjaa.

Eg lengtar aa sjaa, der dei kom ifraa,
dei fyrste i Sverres flokk.
Dei bardest fyr Noreg med nævrar paa bein,
til daude hell siger dei rokk.
Dei vann det maal, dei vilde naa,
og me stend her og halvhuga er
og tenkjer som so, naar Noreg vil gro,
til sumars so fær me sjaa.

Eg lengtar aa sjaa, der han Aasmund rann,
som raun av den gamle rot,
eg lengtar aa sjaa, der han Jørund skald
gjekk fram paa sin gjætarfot.
Eg vitja vil han Dyre Vaa
og gjesta troll inni Grungekoll
og Raubergnut,
til sumars so fær me sjaa.

Eg kjem meg vel eingong til Telemork,
um inkje det vert iaar.
Og daa lyt det vera sumar og sol
og ellers so sol og vaar.
Til Telemork dit stend mi traa,
til Gaustadfjell og til Vinjegjeld,
til Rjukan sval og til Morgedal,
til aars ja so fær me sjaa.

Per Sivle.

Maale i Telesoga er Telemaal. Skrivemaaten er retta litt etter Landsmaale, med Undantak av dei tvo Folkevisune, dei er skrivne etter Uttalen. De vart vedtekje, at Telesoga skulde skrivast paa Telemaal eller Landsmaal; men Telemaal og Landsmaal er so nær de same, at Folk som les Telesoga, vil seia de er Nynorsk hell Landsmaal. Eg er rædd, eg hev ikkje vore fyljestreng i Skrivemaaten, og de kjem seg vel av, at de er so lite, eg hev fare med aa skrive Norsk, so Folk lyt orsaka. Torkel Oftelie.

3 0112 105833435

"Myllarguten",

den fiste Bok av Rikard Berge, er aa faa gjenom „Symra", Decorah, Iowa. Prisen er 90c. De er eit stort Samlar-arbeid, Rikard Berge her hev lagt fram, og for Telar især er de vandt aa faa noko, som er meir forvitnelegt.

Styre fyr Telelage er:

Næst-Formann, A. A. Trovaten, Farga, N. D., no Formann istaden for Bendik Bondahl.

Soguskrivar, Torkel Oftelie, Fergus Falls, Minn.

Sekretær, S. B. Salverson, Farga, N. D.

De er Tanken aa faa ut næste Hefte av Telesoga ivaar.